



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk

Vår 2013

Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal

Randi Haugen Ødegård

Takk!

Først og fremst vil eg takke Gunnstein Akselberg for at du har gitt meg grundig og god rettleiing gjennom heile prosessen. I tillegg vil eg takke Bente Selback for at du har hatt kontroll på materialet og alt det arbeidet det har ført med seg. Randi Neteland, takk for at kontordøra di alltid står opa, og for interessa du har vist for prosjektet mitt. Takk òg til Edit Bugge, for all hjelp med statistikk og framstilling av resultat. Helge Sandøy, takk for at du alltid kan svare på både store og små spørsmål, og for det engasjementet du viser for prosjektet mitt. Trond, tusen takk for god hjelp med korrektur. Takk òg til Helene og Sylvi-Ann for gode tilbakemeldingar i innspurten. Elles takk til resten av gjengen på tysdagsmøta for gode innspel og diskusjonar i løpet av året.

Utan informantane mine hadde prosjektet aldri blitt til, så ein stor takk må eg rette til elevar frå både Odda og Tyssedal for at de stilte til intervju. I tillegg må eg takke rektor og lærarar ved Odda ungdomsskule, Kari ved Tyssedal barneskule og Kari i Odda idrettslag for tilrettelegging og god hjelp med informantutval.

Elles vil eg takke gjengen i masterkroken og lektorstudentane på kull 08 for ei sosial og fin studietid.

Sist, men ikkje minst, takk til Øystein for at du kan noko om alt, og for at du har klart å engasjere deg i prosjektet mitt utan å krevje at eg skal forstå meg på Ludvig Holberg og kongemord.

Bergen, 15. mai 2013

Randi Haugen Ødegård

Innheld

1. INNLEIING	1
1.1 <i>Språkutvikling på industristader</i>	1
1.2 Målet med granskninga.....	2
1.3 Tidlegare forsking	2
1.3.1 Sandve si granskning.....	3
1.4 Gangen i oppgåva	4
2. INDUSTRISTADANE ODDA OG TYSSEDAL – SPRÅK OG SAMFUNN	5
2.2 Geografi og samferdsle.....	6
2.3 Industrialisering og folkeauke.....	6
2.4 Språkstrid i skulen	9
2.7 Grammatikkssisse for Odda og Tyssedal	11
2.6.1 Lydverket	12
2.7.2 Morfologi.....	14
2.8 Kommentarar til tabellane	20
3. METODE	21
3.1 Inngang.....	21
3.3 Tilsynelatande eller verkeleg tid	22
3.4 Det sosiolinguistiske intervjuet.....	23
3.5 Feltarbeid	24
3.5.1 Informantutvalet og interviusituasjonen.....	24
3.5.2 Arbeid med materialet	27
3.5.3 Utfordringar knytt til feltarbeidet	27
3.6 Val av språklege variablar	28
4. TEORI.....	31
4.1 Inngang.....	31
4.2 Sosiolinguistik	31
4.3 Faghistorie.....	32
4.4 Språkleg variasjon.....	32
4.5 Språkendring	34
4.5.1 Kvifor endrar språket seg?	34
4.5.2 Korleis endrar språket seg?	36
4.5.3 Bølgjeteorien og sprangmodellen	37
4.6 Talespråkleg regionalisering	37

4.7	Dialektkontakt	38
4.7.1	Akkommodasjon.....	38
4.7.2	Koiné og koinéforming.....	39
4.7.3	Språklege endringsmekanismar i koinéformingen.....	41
4.7.8	Mellomformer	41
4.7.9	Majoritetsprinsippet.....	42
4.8	Ungdomsspråk og ungdom som språklege innovatørar	42
4.9	Skulen som språkleg sosialiseringsinstans	43
4.9.1	Identitet og norm	44
4.10	Presentasjon av dei sosiale variablane.....	44
4.10.1	Lokalgeografisk tilhørsle	45
4.10.2	Alder/klassetrinn	45
4.10.3	Kjønn	46
3.7	Hypotesar	47
3.8	Feilkjelder i denne granskninga	48
5.	PRESENTASJON AV RESULTAT	49
5.1	Inngang.....	49
5.2	Statistikk.....	49
5.3	Alder og lokalgeografisk tilhørsle	50
5.3.2	V2: Nektingsadverbet <i>ikkje</i>.....	55
5.3.4	V4: Realisering av diftongen <i>ei</i>	59
5.3.6	V6: Bestemt form eintal, svake hokjønn	64
5.4	Samanfatning	69
5.5	Kjønn	69
5.6	Informantane si eiga oppfatning av talemåla.....	71
6.	DRØFTING AV RESULTAT	74
6.1	Inngang.....	74
6.2	Årsaksforklaringar.....	74
6.2.1	Språktrekk i endring.....	74
6.2.3	Stabile språktrekk	76
6.3	Skulen som språkleg sosialiseringsfaktor	77
6.4	Resultat i høve til ungdomane sine eigne oppfatningar	78
6.5	I kva retning endrar språket seg?	78
6.6	Merke etter industrialiseringa.....	79
6.7	Resultat i høve til hypotesane	80

7. AVSLUTNING	82
LITTERATURLISTE.....	83
VEDLEGG	87
VEDLEGG 1	87
VEDLEGG 2	88
VEDLEGG 3	89
VEDLEGG 4	91
VEDLEGG 5	99

Liste over figurar og tabellar

Figur 1: Odda kommune i Hordaland fylke	5
Figur 2: Kartet viser avstanden på om lag seks kilometer mellom Odda og Tyssedal i Odda kommune	6
Figur 3: Folkeauge i Tyssedal i perioden 1900 til 1970 og folkeauge i Odda i perioden 1900 til 1950	7
Figur 4: S-kurva	36
Figur 5: Dei tre stadia i koinéformingen	40
Figur 6: V1.1 (t.sv) personleg pronomen første person eintal korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	51
Figur 7: Intra-individuell variasjon for V1.1 (t.sv) personleg pronomen første person eintal	52
Figur 8: V1.2 (t.st) personleg pronomen korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	53
Figur 9: Intra-individuell variasjon for V1.2 (t.st)	54
Figur 10: V2 nektingsadverbet korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	55
Figur 11: Intra-individuell variasjon for V2	56
Figur 12: V3 endingsvokal i infinitiv korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	57
Figur 13: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	58
Figur 14: V4 realisering av diftongen ei korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	59
Figur 15: Intra-individuell variasjon for V4	61
Figur 16: V5 presens av a-verb, kasta-klassa, korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad	62
Figur 17: Intra-individuell variasjon for V5	63
Figur 18: Bestemt form eintal, svake hokjønn korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad.	64
Figur 19: Intra-individuell variasjon for V6	66
Figur 20: V7 sj/kj-samanfall korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad.	67
Figur 21: Intra-individuell variasjon for V7..	68

Tabell 1: oversyn over fødestaden til innflyttarane	8
Tabell 2: Monoftonginventaret	12
Tabell 3: Konsonantinventaret	13
Tabell 4: Substantivbøyning, Tyssedal	15
Tabell 5: Substantivbøyning, Odda	16
Tabell 6: Verb bøyning, Tyssedal	17
Tabell 7: Verb bøyning, Odda	18
Tabell 8: Personlege pronomener, Tyssedal	19
Tabell 9: Personlege pronomener, Odda	19
Tabell 10: Informantmatrise	25
Tabell 11: Signifikansgrenser	50
Tabell 12: Belegg i tal og prosent for V1.1 (t.sv) fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	51
Tabell 13: Belegg i tal og prosent for V1.2 (s.st) fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	53
Tabell 14: Belegg i tal og prosent for V2 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	56
Tabell 15: Signifikans for V2	56
Tabell 16: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	57
Tabell 17: Signifikans for V3	57
Tabell 18: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	60
Tabell 19: Signifikans for V4	60
Tabell 20: Belegg i tal og prosent for V5 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad.	62
Tabell 21: Signifikans for V5	62
Tabell 22: Belegg i tal og prosent for V6 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	65
Tabell 23: Signifikans for V6	65
Tabell 24: Belegg i tal og prosent for V7 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad	68
Tabell 25: Signifikans for V7	68
Tabell 26: Signifikante resultat for kjønn	69

1. INNLEIING

«Odda er ikkje vært vorte etter storindustrien slo klo i det og bygde karbid- og cyanamidverki der. Alle som hev set Odda i turistbunaden, dei tykkjer bygdi hev reint skamfarast. Her er vorte ein fabrikkby med alle dei lyte som den fører med seg» (Kollveit 1962: 392, etter forfattar Jens Tvedt).

1.1 *Språkutvikling på industriatader*

Talemåla på industristadane er spesielle på den måten at dei er såkalla blandingsdialekter, eller koinéar. Blandingsdialektene vaks fram på industristadar som Odda, Tyssedal, Årdal og Sauda som følgje av tilflytting i forbindelse med industrialiseringa tidleg på 1900-tale, og er såleis ei *blanding* av dei talemåla som kom i kontakt med kvarandre. Det var jobb å få på industristadane, og mykje folk kom flyttande på kort tid. Dette førte til store omveltingar, og bygder blei på få år omdanna til større moderne industrisamfunn. I NFR-prosjektet *Språkutvikling på industristadar*, som denne masteroppgåva er ein del av, er målet å kartlegge og forstå talemålsutvikling dei siste hundre åra på industristadane Sauda, Årdal, Odda og Tyssedal, for på den måten å vinne innsikt i sosiale og språklege faktorar i språkendringsprosessar (*Språkutvikling på industristadar*¹).

I prosjektskissa for *Språkutvikling på industristadar* står det at prosjektet er todelt. «I ein synkron studie vil ein gjennom nyinnsamling av talemålsdata frå tre nolevande generasjonar studere språksituasjonen og mønster i språkvariasjonen på dei fire industristadane i dag. Ved hjelp av eldre talemålsdata vil ein òg beskrive språkendringane diakront og freiste forstå språklege utviklingsliner i tida frå etter industrietableringa og fram til i dag» (*Språkutvikling på industristadar*). Det er fleire avhandlingar i prosjektet, Helene Hildremyr arbeider med ei doktoravhandling om Odda og Tyssedal og Randi Neteland med ei doktoravhandling om Sauda og Årdal. I 2012 leverte Elinn Devold Myklebust ei masteravhandling om årdalsmålet, der ho skildra talemålet i Øvre Årdal og Årdalstangen, i tillegg til å sjå på generasjonsskilnadar på dei to stadane.

¹ Prosjektskisse for *Språkutvikling på industristadar*:
<http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/spraakutvikling-paa-industristadar>

1.2 Målet med granakinga

Målet med granskinga mi er, ved å undersøke utvalde språktrekk og utvalde sosiale variablar, å kartlegge synkron variasjon og diakron endring i talemålet til unge språkbrukarar i Odda og Tyssedal. Talemåla i denne granskinga har gjennomgått ein koinéformingsprosess, og eg vil finne ut i kva grad vi i dag rekne dei som etablerte dialekter². Undersøkinga er ein trendstudie med barne- og ungdomsinformantar frå dei to industristadane. Informantane er plukka ut frå barneskulen i Odda og barneskulen i Tyssedal, i tillegg til ungdomsskulen i Odda. Ved å studere talemålet til både barne- og ungdomsskuleelevar, vil eg undersøke i kva grad talemåla til dei unge på dei to industristadane nærmar seg kvarandre, og korleis skulen og skulekameratar fungerer som ein språkleg sosialiseringssfaktor når ungdom frå Odda og Tyssedal kjem saman på ungdomsskulen i Odda. Ved å samanlikne resultata mine med ei gransking frå 1970-talet, kan eg vinne innsikt i diakrone endringar i dei to talemåla dei siste førti åra. Eg skal òg prøve å forklare kva for faktorar som verkar inn på eventuell variasjon og endring i språket.

Eg ønsker å finne svar på følgjande fem forskingsspørsmål:

- 1) Kva endringar har skjedd i talemåla i Odda og Tyssedal dei siste førti åra?
- 2) Korleis viser den synkrone variasjonen seg i dei to talemåla?
- 3) Kva kan forklare endringane og variasjonen?
- 4) Korleis kan eg sjå at talemåla har etablert seg etter koinéformingsprosessen?
- 5) Kva har koinéforming og industrialisering hatt å seie for utviklinga av talemåla i Odda og Tyssedal?

1.3 Tidlegare foraking

I 1976 skrev Bjørn-Harald Sandve hovudfagsoppgåva *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra*. Oppgåva er ein synkron og diakron analyse av eldre og yngre talemål i Odda og Tyssedal. I avhandlinga framstiller han lydverk og formverk for dei to målføra, i tillegg til at han gjer greie for generasjonsskilnadar både i odda- og tyssedalsmålet. For å kome fram til resultata sine, har han intervjuat informantar frå begge dei to industristadane, spelt inn spontan tale på band og i

² Med etablerte dialekter meiner eg her dialekter som har vore gjennom ein koiníseringsprosess prega av kontakt, kaos og deretter fokusering, og som i dag må reknast som meir etablerte og stabile enn då denne prosessen gjekk føre seg.

tillegg nytta den kjennskapen han har til talemåla. Sjølv om avhandlinga til Sandve skil seg frå arbeidet mitt både i form og innhald, er funna og resultata hans ein føresetnad for samanlikning i eit diakront perspektiv. Myklebust (2012) si avhandling vil òg kunne tene som samanlikningsgrunnlag, då for å trekke parallelar til talemålsutvikling på ein annan industristad, nemleg Årdal.

1.3.1 Sandve ai granaking

For å kunne beskrive diakrone språkendringar, må ein nødvendigvis ha eit materiale ein kan samanlikne resultata sine med. Sidan Sandve alt har undersøkt talemålet eg skal undersøke, er eg så heldig at eg kan nytte meg av funna og resultata hans. I det følgjande vil eg difor presentere avhandlinga hans og noko av det han fann om talemålet i Odda og Tyssedal i 1976.

Sandve skriv innleiingsvis at føremålet med granskinga hans er å få fram generasjonsskilnader mellom målføra i Odda og Tyssedal ved å framstille lydverk og formverk. Vidare skriv han at han har nytta informantar i arbeidet med framstillinga av talemålet. Han tok opp spontan tale, i tillegg til å stille informantane leiande spørsmål (1976: 4–5). Sandve legg vekt på at ein må sjå språkutvikling i høve til samfunnsutvikling, og skildrar difor nøyne både odda- og tyssedalssamfunnet, og forklarer korleis nye dialekter blei danna etter industrialiseringa, som resultat av den auka tilflyttinga til industristadane. Sandve (1976) konkluderer med at det går mot språkleg utjamning mellom talemåla i Odda og i Tyssedal. I Tyssedal blir austnorske målmerke trengde ut, medan det i Odda er merker frå det gamle bygdemålet som blir borte. Sandve legg vekt på at dette kan forklarast med auka samferdsle og meir kontakt mellom dei to samfunna. Han skriv at i Odda ser det ut til at normalmålet (bokmål) har innverknad på talemålet, og forklarer på same tid at oddamålet har større innverknad på talemålet i Tyssedal enn det bokmålet har. Sandve legg òg vekt på at det i Tyssedal særleg er ungdomen som fungerer som «språkmisjonærar», dei tek heim ord og uttrykk dei hentar frå oddamålet. Heilt til slutt presiserer han nok ein gong, at det går mot språkleg utjamning.

1.4 Gangen i oppgåva

I neste kapittel vil eg gjere greie for samfunnsutviklinga i Odda og Tyssedal, for på den måten å danne meg eit bilet av industristadane. I tillegg presenterer eg ei grammatikkskisse for dei to talemåla som viser korleis lydverk og formverk er, og korleis desse skil seg frå kvarandre i dei to talemåla. I grammatikkskissa er det dei tradisjonelle talemåla³ som kjem til uttrykk, og ho vil på den måten vere nyttig i arbeidet med å studere diakrone endringar i språket. Vidare i kapittel tre gjer eg greie for sosiolinguistisk metode og dei metodiske vala mine, i tillegg til å skildre innsamlingsarbeidet og etterarbeidet med materialet. I kapittel fire presenterer eg teorien eg skal nytte som grunnlag i drøftinga og analysen av resultata mine. I kapittel fem blir resultata presenterte og samanlikna med Sandve sine resultat frå 1976, før resultata blir drøfta i kapittel seks. Kapittel sju fungerer som oppsummering og avslutning.

³ Med tradisjonelle talemål meiner eg i denne avhandlinga talemåla slik dei var etter industrialiseringa, slik Sandve presenterer dei i 1976. Talemåla som fanst i Odda og Tyssedal før industrien vil eg omtale som før-industrielle talemål.

2. INDUSTRISTADANE ODDA OG TYSSEDAL – SPRÅK OG SAMFUNN



Figur 1: Odda kommune i Hordaland fylke⁴

Figur 1 viser Odda kommune i Hordaland fylke. Odda grensar i nord mot Ullensvang og i vest mot Etne og Kvinnherad. I tillegg grensar kommunen i aust mot Vinje i Telemark og i sør mot Suldal og Sauda i Rogaland.

2.1 Inngang


Utvikling og endring i talemålet blir i sosiolingvistikken ofte sett i samanheng med dei utviklingane og endringane ein finn i samfunnet elles, og det er difor både nødvendig og interessant å beskrive samfunnet der ein finn det aktuelle talemålet. Dei samfunnsmessige tilhøva kan i sosiolingvistikken difor vere med på å forklare kvifor språket utviklar og endrar seg slik det gjer. På industristadar, der folketalet auka i ein rekordfart, er dette særleg aktuelt. Helge Sandøy omtalar industristadane som «reine språklege eksperiment som fortener særskild interesse» (1990: 84). Eg vil i det følgjande sjå på både industrialiseringa tidleg på 1900-talet og samfunnstilhøva i dag, for å prøve å danne eit bilet av Odda og Tyssedal, før eg deretter presenterer ei grammatikkskisse for kvart av målføra på dei to industristadane.

⁴ Kartet er henta frå Hordaland fylkeskommune sine nettsider: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Kommunedora/Kommunar-i-Hordaland/> [19.03.2013]

Grammatikkskissa er med på å skildre talemåla på det tidspunktet Sandve samla inn sitt materiale, og representerer på den måten det eg referer til som tradisjonelle talemål.

2.2 Geografi og aamferdale⁵

Inst i Sørfjorden i Hardanger ligg Odda, som er kommunesenter i Odda kommune. Reiser vi litt lenger ut i fjorden, om lag seks kilometer, kjem vi til tettstaden Tyssedal. For å kome seg til Odda frå resten av Vestlandet, har sjøvegen vore sentral frå gammalt av. Frå 1860-åra fekk Odda fastbåtsamband med Bergen og Stavanger, og slik kunne turistar ta seg til inst i Sørfjorden. I tillegg var vefsamband med Austlandet over Haukeli tilgjengeleg alt i 1887, men først i 1960-åra kunne vegen nyttast heile året, òg på vinteren. Indre Hardanger vart eit slags knutepunkt for trafikken mellom Oslo og Bergen då vegen over Haukeli møtte vegen frå Bergen over Hardangervida. Arbeidsløyse og krisetider sette fart i vegbygginga òg i distriktet, og veg mellom Odda og Tyssedal var på plass i 1922. Fram til då hadde båt blitt nytta som framkomstmiddel mellom dei to stadane.



Figur 2: Kartet viser avstanden på om lag seks kilometer mellom Odda og Tyssedal i Odda kommune⁶

2.3 Induatrialiaering og folkeauke

«Industrireisinga i Hardanger var eit drama. I løpet av få år var fabrikkbyane bygde. Fredelege fjordbygder vart invaderte av rallarar i tusental som gjekk laus på landskapet med hammar og feisel og rå handemakt. Fabrikkane som kom opp ved fjorden, var


⁵ I dette avsnittet har eg nytta informasjon frå Sandve (1976: 27–28).

⁶ Kartet er henta frå norgeskart.no: <http://norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=1&lang=2> [24.04.2013].

eldsprutande uhyre som ikkje berre rauk, dei laga også eit føla leven. Opplevinga må ha vore sjokkerande for fastbuande og tilreisande» (Røyrane 2011: 18).

I boka *Fabrikkbyane i Hardanger* skildrar Eva Røyrane korleis industrialiseringa verka inn på både dei som budde på stadane, men òg dei tilreisande. Ho nyttar sterke ord og metaforar som «eldsprutande uhyre» for å få fram korleis dette var for dei som opplevde industrialiseringa på nært hold. Turistar blei bytte ut til fordel for arbeidarar, og fabrikkar blei meir sentrale enn vakre hotell.

Til Noreg kom industrien for fullt kring år 1900. Nokre stadar i Noreg var meir eigna for industri enn andre, og industristadane vaks fram nettopp der. Fabrikkar blei bygde ut, og både arbeidarar og funksjonærar flytta dit det var jobb å få. I Tyssedal nytta ein Tysso-vassdraget til å bygge kraftverk, og i Odda blei det bygd ut ein karbidfabrikk som mellom anna kunne tene til å gje jernbane og gruvedrift karbidlampar med «intenst kvitt ljós» (Kolltveit 1962: 374–393). Det var ikkje berre fabrikkar som blei bygde på industristadane. På kort tid var heilt nye byar blitt etablerte. Ein måtte ha både bustad og skule til tilflyttarane. «Det var om å gjera å skapa attraktive samfunn som kunne lokka arbeidsfolk til desse fjerntliggende fjordarmane» (Røyrane 2011: 19). Industrialiseringa førte altså til at både samfunn og demografi endra seg. Figur 3 viser tydeleg ei mangedobling i folketalet både i Odda og Tyssedal. Frå 1900 og fram til om lag 1950 skaut folketalet i vêret. Desse grafane er ikkje unike for Odda og Tyssedal. Dersom ein undersøker tilflyttinga på andre industristadar, som til dømes Sauda og Årdal, ser ein eit liknande mønster der.



Figur 3: Folkeauge i Tyssedal i perioden 1900 til 1970 og folkeauge i Odda i perioden 1900 til 1950

Det kom arbeidarar frå store delar av landet. Tabell 1 viser eit oversyn over fødestaden til innbyggjarane i Odda og Tyssedal kring 1920. Tala er henta frå Sandøy (2000: 358).

Odda	Tyssedal
13,8 % frå Odda	3,4 % frå Tyssedal
62,9 % frå Hardanger og andre vestlandsbygder	29,9 % frå Hardanger og andre vestlandsbygder
8,6 % frå Bergen	4,8 % frå Bergen
6,0 % frå Sentralaustlandet	33,8 % frå Sentralaustlandet
8,7 % frå andre stadar	28,0 % frå andre stadar

Tabell 1: oversyn over fødestaden til innflyttarane

Til Odda kom størstedelen av innflyttarane frå Vestlandet, medan ein stor del av dei som kom flyttande til Tyssedal, kom frå Austlandet i tillegg til ein del frå Vestlandet. Kva talemål innflyttarane hadde, verka inn på korleis dialektene i Odda og Tyssedal forma seg. Sidan «blandingsforholdet» mellom bakgrunnen til innflyttarane var ulikt i Odda og Tyssedal, blei dialektene òg ulike. Sandve skildrar bygdefolket som ei minoritetsgruppe i dei nye industrisamfunna. «Som følgje av innflyttinga til stadene blei bygdefolket ei minoritetsgruppe i dei nye industrisamfunna, og det gamle bygdemålet blei såleis berre eitt av mange talemål som kom til å setja merke på det framtidige målet» (1976: 171). Det blei, som Sandve skriv, danna eit nytt mål som mange ulike talemål skulle vere med og sette sitt merke på. Slike nye dialekter som Sandve skildrar, blir kalla koinéar. Ordet koiné kjem eigentleg frå gresk og tyder «felles». I dette tilfellet er det tale om ei ny felles dialekt. Koiné og koinéformingsprosessen er sentrale omgrep når ein forskar på språket på induristadar, og dette vil eg kome nærmare innpå i neste kapittel.

Sjølv om innflyttarane har mykje å seie for korleis dei nye dialektene blei i Odda og Tyssedal, må ein òg sjå på kva type samfunn dei kom til. I Odda var det alt mellom 500 og 600 innbyggjarar på starten av førre hundreåret, og her levnærte dei seg av turisme og jordbruk. På same tid i Tyssedal var det berre 39 innbyggjarar, to gardar og tre husmannsplassar (Sandve 1976: 13). Ein kan sjå det låge innbyggjartalet i Tyssedal som ein grunn til at talemålet her lettare blei påverka av dei nye innbyggjarane og talemåla deira. I Odda var dei ei større gruppe som tala den tradisjonelle dialekta, og den framande påverknaden vart av den grunn kanskje ikkje like stor.

Som sitatet frå Røyrane viser innleiingsvis i dette kapittelet, var dei store omveltingane eit sjokk for mange. Og at dei flotte turiststadane skulle øydeleggast av svart røyk frå

industripiper, verka nok for mange skremmande. På same tid kan ein tenke seg at desse nye byane som vaks fram, på mange måtar blei moderne og attraktive sentrum med jobbmoglegheiter for folk frå fjern og nær. Sjølv om Røyrane nyttar sterke bilete for å få fram korleis dette må ha vore, skildrar ho òg dei nye byane som noko positivt og vellukka.

«Kombinasjonen av ambisiøse byggħerrar og velutdanna planleggjarar med kjennskap til rådande ideologiar og trendar, viste seg å bli svært vellukka. Resultatet blei splitter nye, heilt moderne byar. Arbeidsfolk frå alle deler av landet, og mange svenskar flytta inn. Slik blei fabrikkbyane blant landets første fleirkulturelle samfunn. Dei mange kulturane blei eitt i smeltedigelen. Det er mellom anna dei spesielle dialektane på industristadene eit prov på» (Røyrane 2011: 19).

2.4 Språkatriid i akulen⁷

Dei store omveltingane i samfunnet gjorde at ein ikkje lenger kunne snakke om eit bondesamfunn slik industristadane i Hardanger hadde vore fram til starten av 1900-talet. Dei verdiane samfunnet var bygde på, var no i ferd med å bli bytte ut. Bondesamfunn var blitt til industristadar, og bønder var blitt til arbeidarar. På mange plan i samfunnet skapte dette problem og usemje, og særleg blei det kamp om språk og opplæringsmål i skulen. Landsmålet hadde hatt ein naturleg plass i bygdene i Hardanger før industrialiseringa, men industriarbeidarane såg på landsmålet som noko som høyrdे bondesamfunnet til. Det blei halde skulekrinsmøte i Odda, og fleire var einige om at riksmål skulle bli det nye målet i skulen. I Odda var usemja stor, men i Tyssedal blei det klart at riksmål skulle vere opplæringsmål i skulen. Etter fire møte der opplæringsmålet var tema, vart det avgjort at det skulle oppretta parallelklassar i Odda, slik at opplæring på både landsmål og riksmål var mogleg. I dag kan ein i Odda velje opplæringsmål både på barne- og ungdomsskulen, medan ein på barneskulen i Tyssedal berre har bokmål som målform.

2.5 Samfunnatilhøva i dag

Som stort sett alle stadar i samfunnet er det meir kontakt mellom folk no enn før. Slik er det òg i Odda og Tyssedal. Skuleborna frå Tyssedal går på barneskule i bygda, men må til Odda for å gå på ungdomsskule og vidaregåande. På same måte som ungdomane går på skulen i lag, er ofte fritidsaktivitetane òg felles, med samling anten i Odda eller i Tyssedal. Det er

⁷ Kjelde til dette avsnittet er Sandve sitt avsnitt om Kamp om skuleopplæringsmålet (Sandve 1976: 24–26).

naturlegvis ikkje berre ungdomane som har kontaktflate utom eiga bygd eller by. Folk pendlar både inn til og ut av kommunen for å jobbe. I rapporten *En analyse av boligmarkedet i Hardangerkommunene* av Vigdis Nygaard går det fram at Odda kommune har slitt sysselsettinga etter nedlegginga av Odda smelteverk i 2003. Sjølv om folk frå kommunane rundt pendlar til regionssenteret Odda for å jobbe, har sysselsettinga gått ned dei siste ti åra. Dette har ført til utflytting i større grad enn det har ført til arbeidsløyse (Nygaard 2012: 8–9). I ein artikkel i papirutgåva av Bergens Tidende i februar 2013⁸ kjem det fram at folketalet i kystkommunane i Hordaland er i vekst, medan ein i kommunane i indre del av fylket ser ein nedgang i folketalet. Det kjem fram at Odda er den kommunen som kjem därlegast ut, med ein nedgang i folketalet på mellom 25 og 50 % sidan 1972 (Mæland 2013). Folketalet som ved inngangen til det førre hundreåret blei mangedobra, er altså på veg tilbake. Noko som må forklarast med at delar av industrien i kommunen er nedlagd, og på den måten er arbeidsplassar borte. I dag føregår det diskusjonar om kva ein skal nytte tomta til Odda smelteverk til. Dette er ei sak som opptek dei fleste i Odda, og informantane mine er ikkje noko unntak. Dei har mange forslag, mellom anna meinte dei at ein symjehall eller handlesenter hadde passa godt der.

2.6 Talemåla rundt Odda og Tyaaedal

Sandve skriv at det er interessant å sjå på målføra i området kring Odda og Tyssedal for å forstå korleis talemålet var på industristadane før industrialiseringa, det eg kallar det før-industrielle talemålet. Han skriv at talemåla som har vakse fram i Odda og Tyssedal etter industrialiseringa, nærmest kan karakteriserast som språkøyar samanlikna med bygdemålet rundt (1976: 28–30). Han skisserer difor ulike språktrekk han meiner kan vere med å underbygge denne påstanden. Nedanfor presenterer eg nokre av dei språktrekka Sandve legg vekt på når han samanliknar industristadtalemåla i Odda og Tyssedal med talemåla bygdemålet rundt⁹. Det vil då nødvendigvis vere basert på talemåla slik dei var då Sandve undersøkte dei for om lag 40 år sidan.

Det første Sandve trekker fram, er *a*-målet som er typisk i bygdemåla rundt. *A*-målet har halde seg i Odda, men blitt endra til *e*-mål i Tyssedal. Dette viser seg både i infinitiv og i svake og sterke hokjønnsord. I tillegg skriv han at sterke og svake hokjønnsord i bestemt form eintal

⁸ Artikkelen er trykt i Bergens Tidende 24.02.2013, og skriven av Pål Andreas Mæland (s. 6–8).

⁹ Avsnittet under baserer seg på Sandve (1976: 28–30).

har ulik ending i bygdemålet, dei skil nemleg mellom /æ/ og /ø/. Dette skiljet er halde ved lag i Odda, men med noko redusert endingsvokal i dei sterke hokjønnsorda, der endar dei nemleg på anten /ə/ eller /a/. I Tyssedal er dette systemet forenkla slik at både svake og sterke hokjønnsord har same ending, nemleg /a/. Når det gjeld pronomensystemet legg han vekt på det personlege pronomenet i første person eintal og første person fleirtal. I både Odda og i bygdemålet er /e:g/ den vanlege forma av det personlege pronomenet i første person eintal, men i Tyssedal er tilsvarende form /jeɪ/. I første person fleirtal er forma /vi:/ gjeldande i begge industristadtalemåla, men i bygdemålet er /me:/ rådande.

Språktrekka ovanfor er eit utval av Sandve si framstilling, og viser at både odda- og tyssedalsmålet skil seg frå det talemålet ein finn i bygdene rundt. Likevel er det tydeleg at det er i Tyssedal dei tydelegaste skilnadane viser seg.

2.7 Grammatikkakiaae for Odda og Tyaaedal

På same måte som ein tenker seg ei dialekt som noko geografisk avgrensa, må ein òg tenke seg at det er noko språkleg avgrensa. Sandøy skriv at «ein dialekt er eit eige sjølvstendig språk på den måten at det utgjør eit fullstendig språksystem, det har sin eigen fullstendige grammatikk, [...]» (1996: 22). I det følgjande vil språksystemet, eller grammatikken, for dialektene i Odda og Tyssedal bli presenterte i ei grammatikkskisse på grunnlag av informasjon frå nettstaden til UiB, *Talemål på nettet*¹⁰, og Sandve si avhandling frå 1976¹¹. Der Sandve ikkje er sitert, er informasjonen henta frå *Talemål på nettet*.¹ I grammatikksskissa og resten av oppgåva har eg nytta IPA der Sandve nyttar Norvegia. Dette gjeld òg i direkte sitat. Til omsetjing frå Norvegia til IPA har eg nytta Sandøy sitt oppsett (1996: 246–247). Eg vil nytte fonemisk transkripsjon både i skissa og elles i oppgåva, trass fonemisk transkripsjon skil eg mellom dei ulike allofonane som blir presenterte nedanfor, i tillegg til syllabisering som òg blir omtala under.

¹⁰ *Talemål på nettet*: <http://dialekt.uib.no/> [henta 25.04.2013] Her finn eit kommuneoversyn, og eg har då naturlegvis nytta informasjon frå Odda og Tyssedal (Tyssedal stå oppført med eigen grammatikk, sjølv om det er del av Odda kommune).

¹¹ *Talemål på nettet* bygger på Sandve, det vil seie at informasjonen i dei to kjeldene er mykje den same. Oppsettet på nettisda er noko forenkla og litt meir strukturert, og denne var lettast å følgje. Alle ord og bøyinger eg har nytta, er likevel å finne i Sandve (1976).

2.6.1 Lydverket

Vokal- og konsonantinventaret er det same for Odda og Tyssedal, og det er difor naturleg å presentere dette i eit felles oppsett.

Monoftongar

	Fremre		Midtre	Bakre
	Runda	Urunda		
Høg	i	y	ʉ	ʊ
Mellomhøg	e	ø		ɔ
Låg	<i>æ</i>			a

Tabell 2: Monoftonginventaret

Tabell 2 viser monoftonginventaret som består av ni vokalfonem. Alle fonema, bortsett frå /æ/, har både lang og kort realisasjon. Skilnaden på kort og lang realisasjon er i transkripsjonen merka med kolon (:), det vil seie at lang realisasjon har kolon etter seg, medan kort realisasjon ikkje har det. I tillegg til å skilje mellom kort og lang realisasjon, har nokre av fonema andre allofonar i tillegg, desse vil eg presentere under. Informasjon og døma er henta frå Sandve (1976: 46–65).

I tillegg til lang og kort realisasjon, kjem to andre variantar av /e/. Allofonen /ə/, schwa-lyd, er ein urunda og sentral vokal som blir realisert i trykksvak stilling, døme: /epləʉ/ (n. ub.f. fl.). Allofonen /æ/ er allofon av /e/ når han blir realisert i trykksterk stilling før /v/ og /j/, døme: /æʉt/ (f.) og /tʂæŋsəl/ (m.), elles er /æ/ eige fonem.

Ein kan òg merke seg at /æ/ har berre lang realisasjon, døme: /bæ:ʉ/ (n.). Dette fonemet fann Sandve i Tyssedal og hos yngre i Odda, ikkje hos dei eldre informantane frå Odda. Dei eldre nytta ofte /e/ i staden for /æ/, døme: /be:ʉ/ (n.) (Sandve 1976).

Diftongar

Sandve (1976) skriv at dei tre diftongane er felles for Odda og Tyssedal, sjølv om ein enkelte gonger har monoftong i Tyssedal der ein i Odda har diftong. Dette vil eg gå nærmare inn på når eg etter kvart omtalar dei språklege variablane mine.

/ai/: *ei*, som i *geit* (f.): /jait/. «Førstekomponenten er uttalt med ein noko høgare og meir framskoten tungestilling enn [a]. Sistekomponenten er noko opnare og meir sentral enn [i]» (Sandve 1976: 67).

/ɛu/: *au*, som i *sau* (m.) /sɛu/. «Førstekomponenten ligg nær opp til den fremre, halvopne og urunda allofonen [ɛ]. Sistekomponenten er som vanleg kort [u]» (Sandve 1976: 70).

/ɔɪ/: *øy*, som i *røyka* (v.) /rɔɪka/. Sandve skriv at førstekomponenten er artikulert med «ein noko meir framskoten tungestilling enn vanleg å-lyd» (1976: 72).

Konsonantar

	Bilabial	Labio-dental	Alveolar	Post-alveolar	Palatal	Velar	Uvular	Glottal
	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.	Ust./st.
Plosiv	p/b		t/d			k/g		
Nasal	/m		/n			/ŋ		
Frikativ		f/v	s/	ʃ/	ç/j		/χ	h/
Lat. appr.			/l					

Tabell 3: Konsonantinventaret

Tabell 3 viser konsonantinventaret i for odda- og tyssedalsmålet. Skråstrek (/) markerer skilje mellom ustemd og stemd konsonant.

Fonologiske reglar

F1: «I vestnorsk er lenging av vokalen vanleg [i gamle korte trykksterke stavingar] [...]. I yngre Oddamål har konsonantlenging slått gjennom, og konsonantlenginga er heller ikkje uvanleg i eldre mål. I Tyssedalsmålet er denne [konsonantlenging] einerådande» (Sandve 1976: 35). Døme: *gut* (m.) /gut/

F2: Dei opphavlege konsonantsambanda *ld*, *nd*, *mb* og *ng* er assimilerte både i Odda og Tyssedal (Sandve 1976: 83). Døme: *kveld* (m.) /kvél/, *land* (n.) /lan/, *lam* (n.) [jf. norrønt *lamb* og tradisjonell hardangerdialekt *lamb*] /lam/, *seng* (f.) /sεŋ/. (Sandve 1976: 82).

F3: Konsonantsambanda *tn* og *tl* blir assimilerte til *nn* og *ll* i Tyssedal, men ikkje i Odda. Døme: Tyssedal, *vatn* (n.) /van/, *kitle* (v.) /çí:lə/ og Odda, *vatn* (n.) /vatn/, *kitle* (v.) /çitla/ (Sandve 1976: 81).

F4: Syllabisering. Etter *d*, *l*, *n*, *s* og *t* blir trykklett staving /-en/ uttalt /n/. Døme: *guten* (m.) /gutn/.

2.7.2 Morfologi

Sjølv om odda- og tyssedalsmålet har same lydverket, skil dei to målføra seg frå kvarandre når det kjem til morfologien, eg har difor valt å framstille bøyingsverket i separate tabellar, slik at det kjem tydeleg fram. Eg vil avslutningsvis kommentere desse skilnadane. Det må òg nemnast at det finst unntak frå dei formene som blir presenterte, det vil seie at det berre er hovudformene som er tekne med i denne framstillinga av systemet.

Substantiv

Former markerte med stjerne (*) er ein del av systemet, men ikkje mykje brukte.
Bøyingsformer markerte med *e* i parentes (-*e*), kan anten ha inga ending eller -*e*-ending.

Kjønn	Klasse	ub. eint.	bu. eint.	ub. fleirt.	bu. fleirt.
Mask.	<i>er</i> -klasse	-(<i>e</i>) a ^m	- <i>en</i> a ^{mən}	- <i>er</i> a ^{mər}	- <i>ene</i> a ^{mənə}
	samandraging i fleirt.	- <i>er</i> ham ^{ər}	- <i>en</i> ham ^{ərən}	- <i>er</i> ham ^{ərər}	- <i>ene</i> ham ^{ərənə}
	<i>er</i> -klasse + omlyd	- f ^{o:t}	- <i>n</i> f ^{o:tŋ}	- <i>er</i> f ^{o:tər}	- <i>ne/-na</i> f ^{o:tŋə/fotŋa}
Fem.	<i>er</i> -klasse	-(<i>e</i>) elv	- <i>a</i> elva	- <i>er</i> elv ^{ər}	- <i>ene</i> elv ^{ənə}
	<i>er</i> -klasse + omlyd	- bu: ^k	- <i>a</i> bu: ^k a	- <i>er</i> b ^{ø:kər}	- <i>ene</i> b ^{ø:kənə}
Nøyt.		-(<i>e</i>) hu: ^s	- <i>e</i> hu: ^{sə}	-(<i>e</i>) hu: ^s	- <i>ne/-a</i> hu: ^{sŋe/hu:sa}

Tabell 4: Substantivbøyning, Tyssedal

Kjønn	Klasse		ub. eint.	bu. eint.	ub. fleirt.	bu. fleirt.
Mask.	Sterke	<i>ar</i> -klasse	- <i>(e)</i> aŋm	- <i>en</i> aŋmən	- <i>ar</i> aŋmaŋ	- <i>ane</i> aŋmanə
		samandraging i fleirtal	- <i>ar</i> hamɑŋ	- <i>en</i> hamɑŋən	- <i>ar</i> hamɑŋaŋ	- <i>ane</i> hamɑŋanə
		<i>er</i> -klasse*	- jɛst	- <i>en</i> jɛstn̩	- <i>er</i> jɛstəŋ	- <i>ene</i> jɛstn̩ə
		<i>er</i> -klasse + omlyd	- fu:t	- <i>n</i> fu:tŋ	- <i>er</i> fötəŋ	- <i>ne/na</i> fötne/fötŋə
	Svake		- <i>e</i> ha:ge	- <i>en</i> ha:gən	- <i>ar</i> ha:gaŋ	- <i>ane</i> ha:ganə
Fem.	Sterke	<i>er</i> -klasse	- ɛlv	- <i>e</i> ɛlvə/elva	- <i>er</i> ɛlvəŋ	- <i>ene</i> ɛlvənə
		<i>er</i> -klasse + omlyd	- bu:k	- <i>e/-a</i> bukə/bu:ka	- <i>er</i> bø:kəŋ	- <i>ene</i> bø:kənə
		<i>ar</i> -klasse	- tœ:niŋ	- <i>a</i> tœ:niŋə /tœ:niŋa	- <i>ar</i> tœ:niŋaŋ	- <i>ane</i> tœ:niŋanə
	Svake		- <i>a</i> da:ma	- <i>o</i> da:mu	- <i>er</i> da:məŋ	- <i>ene</i> da:mənə
	Sterke	<i>ø</i> -klasse	- hœ:s	- <i>e</i> hœ:sə	- hœ:s	- <i>ena</i> hœ:sŋə
		<i>er</i> -klasse	- <i>e</i> ɛplə	- <i>e</i> ɛplə	- <i>er</i> ɛpləŋ	- <i>ene</i> ɛplənə
Nøyt.	Svake		- <i>a</i> ɛuga	- <i>a</i> ɛuga	- <i>er</i> ɛugəŋ	- <i>ene</i> ɛugənə

Tabell 5: Substantivbøyning, Odda

Verb

Klasse		Inf.	Pres.	Pret.	Perf.
Sterke	1. kl.	dø <i>i:və</i>	dø <i>i:və</i>	dø <i>aiv</i>	dø <i>e:və</i>
	2. kl.	fø <i>y:sə</i>	fø <i>y:sə</i>	fø <i>ɔis</i>	fø <i>ø:sə</i>
	3. kl.	dø <i>ikə</i>	dø <i>ikə</i>	dø <i>ak</i>	dø <i>ukə</i>
	4. kl.	bæ: <i>ɪə</i>	bæ: <i>ɪə</i>	ba: <i>ɪ/bæ:<i>ɪtə</i></i>	bæ: <i>ɪə/bæ:<i>ɪt</i></i>
	5. kl.	le: <i>sə</i>	le: <i>sə</i>	la: <i>s/le:<i>stə</i></i>	le: <i>st</i>
	6. kl.	fa: <i>ɪə</i>	fa: <i>ɪə</i>	fʊ: <i>ɪ</i>	fa: <i>ɪt</i>
Svake	1. kl.	kastə	kastə	kasta	kasta
	2. kl.	ly: <i>sə</i>	ly: <i>sə</i>	ly: <i>stə</i>	ly: <i>st</i>
	3. kl.	ly: <i>ə</i>	ly: <i>ə</i>	lydə	lyd
	4. kl.	telə	telə	taltə/teltə	talt/telt
	5. kl.	nɔ:	nɔ: <i>ɪ</i>	nɔdə	nɔd

Tabell 6: Verbbøyning, Tyssedal

Klasse		Inf.	Pres.	Pret.	Perf.
Sterke	1. kl.	døi:va	døi:və	døiv	døe:və
	2. kl.	føy:sa	føy:sə	føyus/føyis	føy:sə/føy:sə
	3. kl.	døika	døikə	døak	døukə
	4. kl.	bæ:ka	bæ:kə	ba:k	bɔ:kə
	5. kl.	le:sa	le:sə	la:s/le:stə	le:st
	6. kl.	fa:ka	fa:kə/fe:kə	fu:k	fa:kt
Svake	1. kl.	kasta	kastə	kasta	kasta
	2. kl.	ly:sa	ly:sə	ly:stə	ly:st
	3. kl.	snø:a	snøə	snødə	Snød
	4. kl.	tela	telə	taltə/teltə	talt/telt
	5. kl.	nø:	nø:k	nødə	nød

Tabell 7: Verbbøyning, Odda

Personlege pronomen

		Subj.form	Trykklett	Obj.form	Trykklett
Eintal	1. pers.	jεɪ/e:g	je/eg/e	mεɪ/me:g	meg/me
	2. pers.	dʊ:	dʊ	dεɪ/de:g	deg/de
	3. pers.				
	Hankjønn	han	han/an	han	han/an
	Hokjønn	ho:	ho/o	ho:	ho/o
	Inkjekjønn	de:	de	de:	De
Fleirtal	1. pers.	vi:	Vi	ɔs	ɔs
	2. pers.	dεkə	dεkə	dεkə	dεkə
	Alle kjønn				
	3. pers.	di:	di	di:	Di

Tabell 8: Personlege pronomener, Tyssedal

		Subj.form	Trykklett	Obj.form	Trykklett
Eintal	1. pers.	e:g	eg/e	me:g	meg
	2. pers.	dʊ:	dʊ	dε:g	deg
	3. pers.				
	Hankjønn	han	han/an	an	han/an
	Hokjønn	ho:	ho/o	ho:	ho/o
	Inkjekjønn	de:	de	de:	De
Fleirtal	1. pers.	vi:	Vi	ɔs	ɔs
	2. pers.	dεkə	dεkə	dεkə	dεkə
	Alle kjønn				
	3. pers.	di:	Di	di:	Di

Tabell 9: Personlege pronomener, Odda

2.8 Kommentarar til tabellane

Dei tydelegaste skilnadane mellom dei to målføra viser seg i morfologien, både substantivbøyning, verbboying og pronomensystemet skil seg frå kvarandre. Av tabell 4 og 5 kan vi sjå at tyssedalsmålet skil seg frå målet i Odda ved at ein i Tyssedal ikkje skil mellom sterkt og svakt substantivbøyning, og at ein i tillegg har færre bøyingsklasser i Tyssedal. Av tabell 8 og 9 kjem det tydeleg fram at det i Tyssedal er fleire former som vi gjerne heller finn i austlandske talemål enn i vestlandske, til dømes /jεɪ/ og /de:kə/. I oddamålet finn dei typiske vestlandsformene som /e:g/ og /dɔkə/. Dei største skilnadane i verbboyinga viser seg i infinitiv, der dei i Tyssedal har *e*-ending, altså *e*-mål, er *a*-endingar vanleg i Odda, men òg typiske i resten av Hardanger.

Dette oversynet, og avhandlinga til Sandve elles, vil bli utgangspunkt for samanlikning og grunnlag for å seie noko om utviklinga i talemålet i Odda og Tyssedal.

3. METODE

3.1 Inngang

I dei fleste forskingsdisiplinane er det fleire metodar å velje mellom, alt etter kva problemstilling ein har. Kva metode ein endar opp med, vil ha noko å seie for det resultatet ein til slutt sit att med. Det er difor viktig å velje den metoden som best kan gje svar på den problemstillinga ein har formulert. Akselberg skriv at vi må kunne stole på dei målingane vi gjer, i tillegg til at dei må måle det vi er ute etter å måle, vi må altså «finna fram til metodar som gjev høgast mogleg reliabilitet og validitet» (1997: 30). I sosiolingvistikken er ein mellom anna ute etter å forske på naturleg tale av tilfeldig utvalde informantar, der ein kan vise mangfold og variasjon i språket. Det gjeld då å nytte ein metode som på best mogleg måte kan få fram dette, samstundes som vi må kunne stole på dei resultata vi får. I dette kapittelet vil eg, med hjelp av metodeteori, gjere greie for dei metodiske vala eg har gjort. I tillegg vil eg beskrive intervjuasjoner og utfordringar knytt til dei ulike delane av feltarbeidet som er aktuelle for prosjektet mitt.

3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode

Ein skil gjerne mellom kvalitativ og kvantitativ metode, eller mellom kvalitative og kvantitative data. Der kvantitativ metode ofte baserer seg på taldata som eignar seg godt til statistisk framstilling, gir kvalitativ metode grunnlag for å framstille data som tekst.

Akselberg (1997) skriv i artikkelen «Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk» om plassen dei to metodane har i sosiolingvistikken, og diskuterer mellom anna kva metode forskingsdisiplinen er mest tent med. Han forklarer at kvantitativ metode har vore svært vanleg i sosiolingvistikken, og har vore aktuell både i innsamlings- og analysefasen. Sjølv om kvantitativ metode er den som har vore vanlegast, meiner Akselberg at kvalitativ metode òg har fått innpass i sosiolingvistikken. Han forklarer at vi ved hjelp av kvalitativ metode kan få innsikt i tilhøve den kvantitative metoden ikkje fangar opp. Ein er oppteken av å tolke og forstå, ikkje berre registrere. Vi kan gjennom kvalitativ metode til dømes sette språkbrukaren og dei språklege realiseringane i ein større samanheng, i ein intervjuasjon kan vi på bakgrunn av det informantane fortel oss, betre forstå språkbruken deira (Akselberg 1997: 27). Det er ikkje slik at vi må velje anten den eine eller den andre metoden, eller den eine eller andre måten å framstille data på. Å kombinere dei to er både mogleg og vanleg. Sigmund Grønmo (1982) legg vekt på nettopp dette, og tek til orde for at kvalitativ og kvantitativ

metode ikkje må sjåast som to motsetnadar, men heller som to komplementære tilnærmingar. Akselberg (1997) poengterer òg dette, og meiner at sosiolingvistikken kan vere tent med at dei to metodane supplerer kvarandre. For meg er det tenleg å kombinere kvalitative og kvantitative data. Eg vil framstille resultata mine statistisk for å kunne samanlikne dei kvantitativt, samstundes som eg på den andre sida vil prøve å tolke og forstå kvifor språket utviklar seg slik det gjer, og kvifor eg har fått dei resultata eg har fått.

3.3 Tilsynelatande eller verkeleg tid

Sosiolingvistiske granskingar kan skje i tilsynelatande eller verkeleg tid. I granskingar i tilsynelatande tid er resultata ikkje samanlikna med resultat frå tidlegare granskingar, det er på den måten vanskeleg å skilje mellom språkendring og aldersavgrensing¹² (Labov 1994: 46). Granskingar i verkeleg tid, derimot, vil seie granskingar der resultata blir samanlikna med resultat frå tidlegare granskingar. Det er to måtar å gjennomføre denne typen gransking på. Den lettaste måten er å leite i litteraturen etter undersøkingar som er gjort i det aktuelle området, for så å samanlikne tidlegare funn med nye og på den måten undersøke om det har skjedd endringar i talemålet. Den andre måten ein kan gjennomføre granskingar i verkeleg tid på, er å reise tilbake til eit språksamfunn etter ei tid, for å gjennomføre same granskinga for andre gong (Labov: 1994: 73–74).

Delar av oppgåva mi må seiast å vere ei gransking i verkeleg tid. Eg har nytta tidlegare forsking, granskinga til Sandve, og samanlikna hans funn med mine, for på den måten å kunne seie noko om språklege endringar. I tillegg samanliknar eg ulike årsklassar, representert ved barneskuleelevar og ungdomsskuleelevar, for å sjå om det skjer endringar i talemålet deira i åra mellom sjuande og tiande klasse. Dette må sjåast som gransking i tilsynelatande tid, og eg kan ikkje vere sikker på om funna mine er uttrykk for verkelege endringar eller om det er tale om aldersavgrensing.

¹² Kort sagt er aldersavgrensing ei endring som ikkje varer livet ut, men ei endring som viser seg i ein bestemt fase av livet. Omgrepet kjem eg vidar innpå i neste kapittel.

3.4 Det sosiolinguistiske intervjuet

I ein artikkel i *Målbryting* skriv Randi Brodersen¹³ om sosiolinguistisk metode, og mellom anna tre problemområde ved det sosiolinguistiske intervjuet, nemleg *naturleg tale, intervjuar-informant-forhold* og *informantane sine forventningar og opplevingar*. Når det gjeld naturleg tale, meiner Brodersen at ein må sette spørsmålsteikn ved kva tid og med kven vi eigentleg talar naturleg. Er det berre i uformelle samanhengar, eller kan ein like gjerne finne naturleg tale i ein formell samanheng? Brodersen spør om det kanskje er slik at vi i dag finn naturleg tale i fleire og andre situasjonar enn tidlegare, og om det kanskje er tale om fleire typar naturleg tale. Sidan det er naturleg tale ein gjerne ønsker å undersøke i sosiolinguistikken, er det viktig for forskaren å reflektere kring dette både før og under intervju. Det andre problemområdet i artikkelen til Brodersen dreier seg om forholdet mellom intervjuar og informant. Ho skriv at uansett kvar slike intervju føregår, anten i offentleg eller privat rom, vil situasjonen likevel vere meir eller mindre formell. Her nemner ho Labov og det han kallar *observers paradox*. Det paradokset at ein som talemålsforskar prøver å finne ut korleis informantane snakkar når dei ikkje blir observert, men den einaste måten å finne det ut på, er å observere dei (Labov 1972: 209). Skjekkeland forklarar dette paradokset på følgjande måte:

Sosiolinguistikken som vitskap kviler altså på eit paradoks i og med at ein ikkje har nokon ideell metode for å granska det objektet ein ideelt sett vil granska. Spørsmålet blir då om ein eigentleg granskar det ein vil granska. Det ein som talemålsforskar vil måla, er altså eigentleg ikkje målbart, med mindre ein tyr til løynde mikrofonar, eller andre meir eller mindre uetiske forskingsmetodar. Det er viktig at dette paradokset stadig uroar sosiolinguisten slik at han/ho blir kritisk til sine eigne metodar for innsamling av dei språklege data han/ho er ute etter (Skjekkeland 2009: 123).

Eg meiner at dette problemet må gå inn i rekka av feilkjelder som vi må ha i bakhovudet både i intervjuasjonen, men òg som ein del av drøftinga eller konklusjonen vår. Vi må kunne sjå dette saman med andre metodiske vanskar, og heller gjere det beste ut av intervjuua og taleforma vi får samla inn. Det finst òg metodar for å få informantane til å sleppe seg lause, og for at dei skal kunne oppfatte intervjuasjonen som mindre formell. Dette kjem eg tilbake til (jf. pkt. 4.5.1).

Eit tredje problemområde ved det sosiolinguistiske intervjuet er, ifølgje Brodersen, oppfatningane og opplevingane til informantane. Ingen informantar opplever intervjuasjonen likt, og dei har òg ulike forventningar til kva som skal skje. For nokre kan

¹³ I dette avsnittet legg eg tett til det Randi Brodersen (2000: 93–101) skriv om det sosiolinguistiske intervjuet.

eut slikt intervju følast som ein slags eksamen, medan det for andre kan vere ein måte å opne seg på og få snakke om vanskelege episodar. I forkant av intervjuet gjorde eg det klart for informantane at eg ikkje kom til å stille dei vanskelege spørsmål om ting dei ikkje kunne noko om, eg ville heller at dei skulle lære meg noko om korleis kvar dagen på deira heimstad er. Dette såg ut til å roe nokre av dei informantane som kom inn med ei slik «eksamenskjensle».

Med dette avsnittet har eg prøvd å vise at det er fleire omsyn å ta, både i innsamlinga av og arbeidet med data, og ein må vere merksam på kva feilkjelder som kan spele inn og korleis dette kan ha noko å seie for det endelige resultatet. Feilkjeldene i denne granskingskjem eg tilbake til i slutten av dette kapittelet.

3.5 Feltarbeid

I sosiolinguistiske granskingsar tek feltarbeid ofte mykje tid og er ein stor del av jobben. Ein må planlegge feltarbeidet, få tak i informantar som vil vere med på prosjektet, gjennomføre intervju og ikkje minst omarbeide materialet når det er ferdig innsamla. I det følgjande vil eg gjere greie for korleis eg har gjennomført feltarbeidet, med vekt på både val eg har teke, og utfordringar eg har møtt på undervegs.

3.5.1 Informantutvalet og intervjuutuaajonen

I tillegg til at ein må velje metode ut frå kva ein vil finne svar på, må ein på same måte velje informantar som kan gje desse svara. I prosjektet mitt er det berre barneungdomsinformantar, og det blei av difor naturleg å kontakte skulane i Odda og Tyssedal i samband med feltarbeidet. Eg bestemde ut at eg skulle ha 32 informantar, 16 frå kvar plass. Desse skulle igjen delast inn etter alder og kjønn, og eg sat då att med fire informantar i kvar celle. Kriteria for informantutvalet er at informantane for det første må kome frå ein av dei to industristadane som eg undersøker, det vil seie anten Odda eller Tyssedal, for det andre må begge eller ein av foreldra, eller andre omsorgspersonar, kome ifrå heimstaden til informanten¹⁴, og for det tredje må informantane passe inn i dei aldersgruppene eg har valt ut. Dei yngste skal gå i sjuande klasse og dei eldste i tiande klasse. **Feil! Fant ikke referansekilden.** viser informantmatrisa:

¹⁴ Dette har eg valt som eit kriterium fordi det er meir sannsynleg at informantane representerer dialekten for heimstaden sin dersom dei har vakse opp med ein eller to foreldre med det aktuelle talemålet.

	Barneskule jenter	Barneskule gutar	Ung.skule jenter	Ung.skule gutar	Samla
Odda	4	1	4	4 (+2)	15
Tyssedal	4	4	4	4	16
Sum	8	5	8	10	31

Tabell 10: Informantmatrise¹⁵

Det var skulane som i hovudsak plukka ut informantane for meg. I sosiolinguistikken legg ein gjerne vekt på at informantutvalet skal vere representativt og tilfeldig. I nokre av tilfella måtte eg berre ta dei informantane som var tilgjengelege, det var ikkje så mykje meir enn fire gutter og fire jenter på barneskulen i Tyssedal som svarte til dei kriteria eg stilte. I tillegg måtte eg hente nokre informantar frå niande klasse, då det ikkje var tilstrekkeleg med informantar i tiande klasse frå Tyssedal som oppfylte krava. Resten av informantane er valde tilfeldig av lærarar på skulen.

Til informantutvalet hører òg valet av intervjuar. Det ideelle hadde vore å leige inn ein intervjuar med den same dialekta som informantane, slik at dei på den måten blir minst mogleg påverka av intervjuaren. I tillegg er det ideelt for samanlikninga sin del at intervjuar er så like som mogleg, og at éin og same intervjuar utfører alle intervjuar. Dersom eg skulle leige inn ein lokal intervjuar, måtte eg leige inn éin frå Odda og éin frå Tyssedal, og ønsket mitt om at alle intervjuar skulle gjennomførast med éin og same intervjuar, kunne med andre ord då ikkje blitt oppfylt. I tillegg dukka det opp spørsmål kring intervjuar for dei elevane som går på ungdomsskulen: Skulle dei bli intervjuar av intervjuar frå Odda eller frå Tyssedal, og ville dette forstyrre forsøket mitt på å prøve å finne ut om ungdomsskuleelevane tilpassar seg kvarandre? Eg fann etterkvar ut at ved å sjølv vere intervjuar, sikra eg meg mest mogleg like rammer for intervjuar, og i tillegg kom eg då unna problemet med kven som skulle intervju elevane på ungdomsskulen. Dette kan sjølvsagt ha påverka informantane, men likevel kan eg då tenke at alle har hatt same forhold under intervjuet.

På førehand hadde informantane fått informasjonsskriv (jf. vedlegg 1) som foreldra måtte skrive under på, likevel visste dei færreste av informantane kva intervjuar skulle brukast til, så eg opna for spørsmål før eg sette på opptakaren, slik at informantane skulle føle seg trygge på kva som skulle skje, og at dei lettare kunne slappe av under intervjuet. Nokre kom med

¹⁵ Barneskule vil seie elevar frå sjunde klasse, i enkelte tilfelle sjette. Ungdomsskule vil seie elevar frå tiande klasse, i enkelte tilfelle niande.

spørsmål, men dei fleste hoppa i det utan å lure noko særleg. Informantane blei intervjuia i par, to og to informantar av same kjønn, alder og heimstad. Fordelen med å intervjuer informantane i par, er at dei då kan fungere som språklege kontrollørar for kvarandre, og sjansane for at dei legg om språket i intervjustituasjonen er noko mindre enn om eg hadde intervjuia dei ein og ein.

Dei fleste intervjuia gjekk føre seg i skuletida og på skulen der elevane går¹⁶. Intervjuia var delte i to, der den eine delen var ein samtale mellom meg og informantane (jf. intervjuguide i vedlegg 2) og den andre delen var ein biletleik (jf. vedlegg 3). I samtaledelen av intervjuet fekk eg informantane til å snakke om skulekvardagen, fritid og heimstad. Eg prøvde å la dei fortelje mest mogleg, og oppmuntra til dei til å lære meg noko om korleis kvardagen deira er. Etter samtalesetten sette eg i gang biletleiken, der informantane var aktive, medan eg berre såg til at alt gjekk greitt føre seg. Ein slik type leik kjem under kategorien *elisitering*, som Eskil Hanssen (2010) presenterer som ein av fem framgangsmåtar for å samle inn data. Han beskriv det som «ei form for språklig stimulering for å få informantene til å gi relevante svar – spontant og ubevisst og uten at det oppleves som en prestasjonsoppgave» (Hanssen 2010: 21). Utan at ein må spørje direkte om dei ulike språktrekka, kan dei bli realiserte ved at informantane gir relevante svar. Biletleiken fungerte slik at informantane saman skulle kome fram til kva som var ulikt på dei to bileta, og blei på den måten tvinga til å fortelje den andre kva dei såg. Dette var på ingen måte ei prestasjonsoppgåve, men heller ein måte å få fram naturleg tale på. Etter kvart intervju spurde eg informantane korleis dei opplevde situasjonen, og om det var noko som var skummelt eller ubehageleg. Eg fekk berre positive tilbakemeldingar, og det såg ut til at dei syntest det var spennande å få vere med.

Det må òg nemnast at med eit tilfeldig utval informantar kan ein ikkje velje ut dei som har mest å seie, eller dei som liker best å snakke. Nokre av informantane er naturlegvis meir tilbakehaldne enn andre, og lèt den andre parten snakke mest. Sjølv om det er naturleg at enkelte opnar seg meir, kan dette kanskje òg sjåast på som eit «problemområde» i det sosiolinguistiske intervjuet. Dette kan føre til at enkelte informantar får lite taletid, og i granskinga av deira talemål kan grunnlaget bli noko tynt. Dette problemet støyte eg på i fleire av intervjuia mine, og særleg i arbeid som omfattar opptak av barne- og ungdomsinformantar, trur eg dette er ei utfordring. Likevel opna dei fleste seg litt meir når dei fekk utdelt

¹⁶ Dette gjeld ikkje intervjuia med informantane frå Odda barneskule. Desse intervjuia blei gjorde i samarbeid med idrettslaget, og blei av den grunn gjennomført i klubbhuset deira.

teikningane, og slike «leikar» eller konkurrsar kan kanskje seiast å vere ei løysing på noko av dette problemet.

3.5.2 Arbeid med materialet

Då intervjuva var ferdige, kunne arbeidet med transkripsjonen starte. Til transkripsjonsarbeidet nyttar eg programmet Praat. Eg lytta gjennom alle intervjuva og skreiv inn i Praat alt som blei sagt. Seinare blei heile arbeidet mitt lagt inn i Talebanken. Talebanken er eit digitalt korpus der transkripsjonen blir kopla saman med lydfilene. Dette lettar arbeidet med å merke dei språklege variablane. Når ein merker dei språklege variablane, lyttar ein til små brotstykke i lydfa og merker det aktuelle ordet eller den aktuelle lyden som ein av dei variantane ein har innanfor akkurat denne variabelen. Dette må ein gjere for alle dei språklege variablane ein har valt seg ut. Etter at variablane er merkte, hentar ein ut taldata som då ligg tilgjengelige i Talebanken. Tala fortel kor mange treff kvar informant har for kvar variant av kvar variabel. Tala kan nyttast til statistisk framstilling (jf. kap. 5).

3.5.3 Utfordringar knytt til feltarbeidet

Når ein skal velje ut informantar, løner det seg ofte å samarbeide med folk i lokalmiljøet. Det går nokre gongar bra, men andre gongar mindre bra. Det er naturleg å møte litt motstand, det er i alle høve den erfaringa eg har gjort meg. Sjølv om eg fekk mykje god hjelp, tok feltarbeidet meir tid enn planlagt. På den første turen til Odda fekk eg gjennomført mange intervju, men dessverre var det slik at den eine skulen ikkje kunne stille med informantar slik vi hadde avtalt. Difor måtte eg planlegge ein ny tur til Odda, og eg kontakta difor idrettslaget i for å få tak i dei siste informantane. Dette gjeld ei gruppe på sju informantar frå Odda, fem i barneskulealder og to frå ungdomsskulen. Eg fekk god hjelp frå idrettslaget, og informantane nesten alle informantane stilte som avtalt til intervju. Den eine informantanen var sjuk, og to av dei eg intervjuva, viste seg å vere tre år eldre enn det eg var ute etter. Trass dette gjennomførte eg intervju både med dei som var litt eldre og dei andre som stilte opp. Etter dette bestemte eg meg for at eg måtte seie meg ferdig med feltarbeidet, og nytte dei informantane eg til no hadde skaffa. Trass litt motstand, må eg seie meg nøgd med intervjuva slik dei blei. I tillegg til at eg fekk samla inn tale, lærte informantane meg mykje om kvardagen og heimstaden sin, og om korleis dei sjølve oppfattar eige og andre sitt talemål (jf. pkt. 2.9).

3.6 Val av språklege variablar

Ein kan liste opp ulike kriterium for kva ein god variabel er og deretter gjere eit utval basert på slike kriterium. I denne oppgåva ser eg det som like viktig å kunne sette dei språklege variablane i ein slags samanheng, for så å kunne samanlikne dei med tidlegare forsking. For det første har eg valt variablar som eg veit kan samanliknast med resultat frå granskings til Sandve. Dette er naudsynt for å kunne forklare diakrone endringar i språket. I tillegg har eg lagt vekt på å undersøke språktrekk som informantane sjølve trekker fram som særleg interessante. Her er særleg V1, personleg pronomen første person eintal, og V2, nektingsadverbet, som aktuelle variablar, men òg andre variablar som har variantar som kan karakteriserast som anten typisk austnorske eller vestnorske. Samstundes som eg vil nytte Sandve som samanlikning, vil eg trekke parallellar til resultat frå andre industristadgranskningar. Både granskings til Elinn Devold Myklebust frå Årdal og Randi Solheim si frå Høyanger er aktuelle referansar når det gjeld industristadtalemål.

V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsform, (trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering)

I dei norske dialektene finn ein ulike former av personleg pronomen første person eintal, både med og utan *j* i framlyd. Formene utan *j* i framlyd stammar frå norrønt *ek*, og formene med *j* i framlyd er ei bryting av urnordisk *eka*. (Skjekkeland 2005: 107). Det er fleire ulike variantar av det personlege pronomenet, men dei passar alle inn i éin av to kategoriar, anten med eller utan *j* i framlyd. Sandøy skriv at det gjerne blir oppfatta som knoting dersom ein person går over frå *eg* til *jeg*, og at denne variabelen er nordmenn særleg opptekne av (1992: 139). Tradisjonelt har odda- og tysedalsmålet hatt ulik realisering av det personlege pronomenet, i Odda har formene utan *j* vore vanlege, medan formene med *j* i framlyd har vore vanlege i Tyssedal.

V2: Nektingsadverbet

I tillegg til å nemne det personlege pronomenet som ein variabel som opptek nordmenn, og som dei fleste av oss er vare for, legg Sandøy (1992) på same måte vekt på nektingsadverbet. Han skriv om dei to variablane, personleg pronomen og nektingsadverbet, at den varianten som hører til oppvekstspråket, fungerer som ein solidaritetsmarkør (1992: 139). Det vil seie at både V1 og V2 er variablar ein lett legg merke til at blir endra, og det er nok ikkje utan grunn at informantane mine vektlegg desse to markerte språktrekka når dei samanliknar

dialektene i Odda og Tyssedal. I Odda er det *ikkje* som er den vanlege varianten, medan det i Tyssedal har vore *ikke*.

V3: Endingsvokal i infinitiv

Endingsvokal i infinitiv saman med substantiv i ubestemt form eintal er med på å avgjere om eit talemål er *a-* eller *e-mål*. I vestnorske dialekter finn vi både *e-mål* og *a-mål*. I *a-målet* er den opphavlege norrøne utlydsvokalen *-a* bevart, medan han i *e-mål* er blitt redusert til *-e*. (Skjekkeland 2005: 54–55). I Odda, og elles i Hardanger, står *a-mål* sterkt, *å kasta*, medan Tyssedal skil seg ut med eit tradisjonelt *e-mål*, *å kaste*.

V4: Realisering av diftongen *ei*

Grunnen til at diftongen *ei* blei vald framfor dei to andre, er at det er den som ifølge Sandve (1976) har halde seg best i Odda og Tyssedal. Han skriv vidare at ein i tyssedalsmålet finn former med monoftong der det i oddamålet er diftong. Det er dei tilfella der realiseringa av diftongen tradisjonelt har vore ulik, eg vil undersøke, for å sjå om dei to målføra nærmar seg kvarandre.

V5: Presens av *a*-verb

Bortfall av endings-*r*, halden *-r*, redusert endingsvokal (*-er*) og fullvokal (*-a*) er nokre av presensendingane av *a*-verb ein finn i dei norske dialektene (Skjekkeland 2005). I Odda er bortfall av *-r* den vanlege forma, medan det i Tyssedal er former både med og utan endings-*r* (Sandve 1976: 134).

V6: Bestemt form eintal, svake hokjønnsord

I vestlandsdialektene er det mange ulike bøyingsformer av denne variabelen, *a-*, *o-* og *å-* ending er vanlege former. I Odda, og elles i Hardanger, er *-o*-endinga rådande, *jento*, medan *a*-ending er den vanlege i Tyssedal, *jenta*.

V7: *Kj/sj*-samanfall

Denne siste variabelen er det ikkje samanlikningsgrunnlag for hos Sandve, då dette er eit så nytt fenomen at det ikkje er omtala i avhandlinga frå 1976. Det er tale om eit samanfall mellom *sje*-lyd og *kje*-lyd. Dette er eit språktrekk som spreier seg i store delar av landet. (Skjekkeland 2005: 79). Skjekkeland skriv: «Ennå er me i startfasenav denne lydendringa, der *sje*-lyden overtek for *kje*-lyden. Ingen veit om samanfallet ein gong i framtida vil vera

gjennomført i alt norsk talemål, eller om utviklinga vil stoppa opp» (Skjekkeland 2005: 42).

Sidan fenomenet er så nytt som det er, er det fleire usikkerheiter knytt til det. Papazian og Helleland skriv:

«[d]ei fleste barn lærer seg nok kje-lyden etter kvart som dei veks til, men mange held fram med å nytte sje-lyden i staden, meir eller mindre konsekvent, til langt opp i ungdomsåra. [...] Og somme sluttar ikkje då heller, slik at det no finst også ein del vaksne som har problem med å bruke kje-lyden rett» (2005: 54).

Ut frå det Papazian og Hellan skriv, må eg her særleg ta omsyn til moglegheita for at samanfallet nok kan vere uttrykk for ei aldersavgrensing.

4. TEORI

4.1 Inngang

I tillegg til at dette kapitlet skal tene som eit teoretisk grunnlag for prosjektet mitt, må det òg vere eit teoretisk bakteppe som eg skal ta med meg i drøftinga av resultata mine. Ein skal kunne nytte relevant teori for å forklare kvifor resultata blei som dei blei, og i sosiolingvistikken kunne forklare kvifor språket er som det er. Eg vil i det følgjande presentere sosiolingvistisk teori som er relevant for oppgåva mi og som er særleg relevant i høve til språkutvikling på industristadar og språkutvikling hos barn og unge. I tillegg til teori, vil eg aller først kort presentere kva sosiolingvistikk er, og deler av sosiolingvistikken si faghistoriske utvikling for å vise korleis han skil seg frå tidlegare paradigme innan dialektforsking, og på den måten få fram kva sosiolingvistikken særleg legg vekt på.

4.2 Soaiolingviatikk

I *Mål og miljø*, ei innføringsbok i sosiolingvistikk, legg forfattaren Kjell Venås vekt på at sosiolingvistikken er tverrvitskapleg, med innslag frå både lingvistikk og sosiologi, der ein forskar på korleis språk og samfunn verkar saman (1982: 9). Vidare skriv han at sosiolingvistikk er ein *jamføringsprosess* der ein ser på forholdet mellom språklege og sosiale variablar. Med vekt på forholdet mellom språket og det sosiale er det mange som har definert omgrepene sosiolingvistikk. Peter Trudgill (1992: 68) definerer sosiolingvistikk som «the study of the relationship between language and society», medan Joan Swann (et. al.) fokuserer noko meir på den sosiale og identitetsskapande funksjonen språket kan ha: «Sociolinguistics stresses the variation inherent in a language, as speakers of different backgrounds use language not just for the communication of information but to express an individual and/or group identity» (2004: 287). Å sjå korleis ein kan markere både den individuelle identiteten sin og gruppeidentitet gjennom språket, er interessant i granskinga mi av språkendring hos skuleungdom. I skuletida vil vi gjerne definere kven vi er, eller kven vi ikkje er, og gjennom språket kan dette kome til syne. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet i samband med sosialisering, identitet og norm.

4.3 Faghiatorie

Myklebust legg vekt på at det er viktig å ha kjennskap til faghistoria når ein skal samanlikne resultat frå to ulike paradigme (2012: 34). På same måte som ho samanliknar sine resultat med Andreas Bjørkum si *Årdalsmålet hjå eldre og yngre* frå 1968, skal eg samanlikne resultata mine med Sandve sine frå 1976. Sjølv om eg og Sandve kanskje ikkje representerer to ulike paradigme, vil eg seie at veg har ei noko anna tilnærming enn han.

Sosiolingvistikken hadde sitt gjennombrot på 60-talet, men i Noreg først om lag ti år seinare. William Labov må sjåast som pioneren innan sosiolingvistikken, og med sine undersøkingar på 60-talet frå Martha's Vineyard og New York City sette han variasjon og endring i ein språkleg og sosial kontekst (Swann m. fl. 2004). Brit Mæhlum diskuterer i sin artikkel «Norsk og nordisk sosiolingvistikk – En historisk oversikt» korleis sosiolingvistikken både er eit brot med, men òg ei forlenging av, dialektologien. På den eine sida poengterer ho at det *sosiale* alltid har vore ein del av lingvistikken, og at dette ikkje er noko nytt i den sosiolingvistiske tradisjonen. På den andre sida kjem det fram at dei to forskingsdisiplinane skil seg frå kvarandre når det kjem til metodiske spørsmål. Der dialektologane, ved i stor grad å basere seg eigenrapportert tale frå informantane, skildrar eit mest mogleg homogent talemål, er målet i sosiolingvistiske granskingar å vise mangfaldet og variasjonen i språket. Ein vil skildre den naturlege talen til eit representativt utval informantar, og ikkje basere seg på kva oppfatning innbyggjarane har om eige talemål (Mæhlum 1996: 193–198). Ein del av det Mæhlum trekker fram som typisk for den dialektologiske tradisjonen, finn vi att i avhandlinga til Sandve. Han baserer seg mellom anna på eigenrapportert tale i si framstilling av språket i Odda og Tyssedal.

4.4 Språkleg variaasjon

Papazian og Helland skriv at vi kan skilje mellom tre typar språkleg variasjon, *kronologisk, lokal* og *sosial*. Det vil seie at dei tre faktorane *tid, stad* og *sosial gruppe* verkar inn på språket og den språklege variasjonen. Er det mykje variasjon i språket, kan det tyde på at språket endrar seg (2005: 23–24). *Språkleg endring* må forståast som ein *diakron* variasjon, altså den språklege variasjonen ein kan finne over tid, frå eit tidsrom til eit anna. *Språkleg variasjon* må vi på den andre sida forstå som ein *synkron* variasjon, altså ein variasjon i språkbruk innanfor eit bestemt tidsrom (Akselberg 2008: 128). Det må vere variasjon i språket for at endring skal

finne stad, men likevel treng ikkje variasjon nødvendigvis føre til endring (Hasund 2006: 17). Gamle og nye språktrekk blir ofte nytta parallelt til det eine kanskje tek over for det andre. Variasjon mellom ulike språktrekk kan ein finne mellom ulike individ i språksamfunnet, men òg hos eitt og same individ. «Variasjon mellom medlemmene i det same språksamfunnet kallar vi gjerne for *interindividuell variasjon*, medan variasjon hos det einskilde individet blir kalla for *intraindividuell variasjon*» (Røyneland 2008: 30). I granskinga mi vil det vere aktuelt å undersøke både inter- og intra-individuell variasjon. Dersom vi undersøker eit språksamfunn og finn at det er variasjon, kan vi ikkje, berre på bakgrunn av dette funnet, konkludere med at denne variasjonen vil føre til endring. Hasund (2006: 17) skriv at det er naturleg å studere språket hos unge når ein studerer språkendring, då det stadig er stor variasjon i deira språk. Likevel er det eit problem at vi ikkje veit om endringane hos unge er *generasjonsendringar*, det vil seie verkelege historiske språkendringar, eller om dei er såkalla *aldersavgrensing* eller *livsfaseendringar*¹⁷. Sistnemnde, aldersavgrensing, vil seie endringar språkbrukarane berre har i ein fase av livet, som til dømes i ungdomstida. Dette problemet må eg ta omsyn til når eg skal analysere og drøfte resultata mine. Kanskje er nokre av funna mine berre uttrykk for ein forbigåande *fase* ungdomane er inne i. På den andre sida tek Papazian og Helland til orde for at vi ofte kan rekne med at ungdom held på språket sitt livet ut, utan å legge veldig mykje om. Dersom det stemmer, skriv dei, «er språket til *ungdommen* særleg interessant, for det kan syne oss korleis språket blir i framtida» (2005: 138).

I andrespråkslæring nyttar ein gjerne omgrepet kritisk periode for å forklare korleis alder spelar inn når ein skal tilegne seg språk. Den kritiske perioden vil seie den mest effektive språkinnlæringsperioden og han finn stad før tolvårsalderen. (jf. mellom anna Berggreen og Tenfjord 1999: 279ff). Etter denne alderen er dette ikkje like lett å tilegne seg nye språksystem, det språket som vi alt har lært oss har etablert seg godt, og innlæring av nye system går difor ikkje like lett. Sjølv om andrespråkslæring og dialektpåverknad er to ulike ting, er det på eit vis mogleg å samanlikne dei to. Vi veit at dialektkontakt kan føre til at språk endrar seg. Overfører vi hypotesen om kritisk periode til teorien om dialektendring, kan vi kanskje seie at barn som er utsatt for hyppig kontakt med språkbrukarar med andre varietatar, lettare lét seg påverke, og lettare tileignar seg nye språktrekk enn vaksne i same situasjon.

¹⁷ Jf. paradokset til Røyneland (2001) som eg presenterer i pkt. 3.7.

4.5 Språkendring

4.5.1 Kvifor endrar språket aeg?

Ovanfor kom det fram at variasjon i språket er ein føresetnad for språkendring. At språket endrar seg, kan vi vite fordi vi kan undersøke språket til ulike tider og på den måten kartlegge kva endringar som skjer. Språket er heile tida i endring, men kva som gjer at det endrar seg, er ikkje like lett å peike på. Likevel kan vi, skriv Sandøy, prøve «å tenke oss årsakssamanhangar som verkar rimelige ut frå den innsikta vi alt har om språk og samfunn» (1996: 129). Ved å vinne innsikt i kva faktorar som kan verke inn på språket, kan eg òg kome nærmare ei forklaring på kvifor språket i Odda og Tyssedal har endra seg slik det har gjort dei siste førti åra. Det er vanleg å skilje mellom *indre* og *ytre* faktorar som påverkar språkendringa, det vil seie årsaker vi finn *i språket sjølv* eller *i samfunnstilhøve kring språket* (jf. mellom anna Sandøy 1996: 129). Dei indre faktorane deler Papazian (2007: 162) inn i to, nemleg *språkstrukturelle faktorar* og *prosessar*. Til dei språkstrukturelle faktorane hører Sandøy (1996) sine *naturlegheit* og *funksjonell tyngd*, desse faktorane kan forklare at vanskelege og perifere språktrekk lettare blir endra enn lette og sentrale språktrekk. Til dømes er det lettare å uttale *sje*-lyden enn *kje*-lyden, og ei språkendring som fører til samanfall mellom dei to, breier seg i mange talemål i Noreg, dette finn vi òg i Odda og Tyssedal. Til det Papazian omtalar som prosessane, hører Sandøy (1996: 131–133) sine *regelinnsnevring*, *regelutviding* og *analogi*. Papazian på si side meiner dette er tre sider av same sak, og kallar dei samla for *analogi*. Han forklarer at analogi, som består av både regelutviding eller overgeneralisering og regelinnsnevring, kan føre til endringar i det grammatiske systemet (2007: 163), eit døme er at sterke verb får bøyning etter mønster for svake verb, til dømes at /skreiv/ blir til /skrivde/. Papazian (2007: 166–167) legg vidare vekt på at det er dei *ytre faktorane* som *utløyser* og *aktualliserer* språkendringane, medan dei *indre* er ein føresetnad og «djupare» årsak til at endringane skjer. Han tek til orde for at dei ytre faktorane er dei som bør sjåast som den mest direkte årsaka til språkendring dersom begge, både indre og ytre faktorar, er aktuelle for den språkendringa ein skal forklare. Dei ytre, som eg presenterer nedanfor, er mest aktuelle i granskings mi og drøftinga av resultata mine¹⁸.

¹⁸ Eg valde likevel å presentere dei indre faktorane som kan vere med å endre språket, dette for å vise at det ytre faktorane er del av eit større bilet.

Sandøy (1996: 135–141)¹⁹ skil mellom fem ytre faktorar, *endringar i materiell og åndeleg kultur, identifiseringsfunksjonen til språket, prestisje, skriftmålet og media*. Eg vil presentere kva Sandøy legg i desse fem faktorane, i tillegg vil eg supplere med tre nye som Papazian (2007) meiner manglar hos Sandøy. Med *endringar i materiell og åndeleg kultur* meiner Sandøy at mellom anna nye yrke og oppfinningar krev nye ord, medan gamle ord dør ut saman med det dei refererer til. Slik blir ordforrådet heile tida fornja og endra. Òg mange slangord som først dukkar opp i ungdomsmiljø, spreier seg ofte til resten av samfunnet. *Identifiseringsfunksjonen til språket* er òg ein av faktorane Sandøy nemner. Med det meiner han at språksystemet fungerer som sosiale normer vi vil halde oss til. Denne funksjonen, eller desse normene, er med på å halde språkutviklinga i sjakk, skriv Sandøy. Språkdrag har ulik *prestisje*. Språkdrag med høgprestisje kan forståast som språkdrag som har fått ein høg status i eit språksamfunn som følgje av dei språkbrukarane som nytta nettopp dette språkdraget. Det kan til dømes vere språkbrukarar av høg sosial klasse. Det ein ofte ser, og som kanskje er noko uventa, er at språkdrag med låg prestisje ofte breier seg. Dette kan forklarast med at slike språkdrag ofte fungerer som ein identitetsmarkør, og ved å nytte slike språktrekk kan vi markere kva gruppe vi høyrer til. Dette vil ikkje seie at språkdrag med høg ikkje breier seg, men dei har kanskje ikkje så sterk påverknadskraft som ein skulle tru. Men det vi tenker på når vi talar om høg prestisje, er lett å forveksle med den fjerde faktoren til Sandøy, nemleg *skriftmålet*, som òg kan sjåast på som ein påverkande faktor. Skriftmålet har ein overdialektal funksjon, og blir dessutan, skriv Sandøy, bruk meir no enn tidlegare. Skriftmålet har innverknad både på ordforrådet vårt og måten vi ordlegg oss på. Den siste ytre faktoren er *media*. Gjennom talande media, som TV og radio, blir nye ord og eit «normalt» ordforråd formidla. Vi lèt oss gjerne påverke, og legg til side dialektord til fordel for dei nye orda som blir formidla gjennom media. Likevel, skriv Sandøy, blir ikkje språksystemet mykje påverka av media, dette fordi vi ikkje snakkar *til* talarane, det er berre talarane som snakkar til oss.


Som eit supplement til dei fem faktorane over meiner Papazian at *industrialisering/urbanisering, betre kommunikasjon og høgare utdanning* må kunne sjåast som moglege forklaringar på kvifor språket endrar seg. Han skriv at industrialisering, som vi no ofte kallar urbanisering, er ein føresetnad for regionalisering, og at både betre kommunikasjon og høgare utdanning fører til meir språk- og dialektkontakt, og som igjen fører til språkendring (2007: 165–166).

¹⁹ Der eg i dette avsnittet viser til Sandøy, er det desse sidene (1996: 135–141) eg viser til, og i gjennomgangen av dei fem ytre faktorane legg eg meg tett til det Sandøy sjølv skriv.

Sjølv om vi kan observere at språk endrar seg, og setje opp faktorar som påverkar språkendringa, tek Sandøy til orde for at det er vanskeleg å avgjere kva som er den verkelege årsaka til ei språkendring (Sandøy 1996: 141). Det er med andre ord lettare å sjå at ei språkendring skjer, enn kva årsak som ligg bak. Ofte er det heller ikkje éi årsak åleine, men mange faktorar som verkar saman. Dei ytre og indre faktorane Sandøy skisserer og Papazian supplerer med, er likevel nyttige å ha med seg inn i ei drøfting der eg skal prøve å seie noko om kva det er som gjer at språket endrar seg, og kva det er som gjer at språket endrar seg nettopp slik det gjer.

4.5.2 Korleia endrar apråket aeg?

Ovanfor presenterer eg ulike indre og ytre årsaker til at språk endrar seg, og det kan difor no vere naturleg å sjå på *korleis* eit språkdrag breier seg, slik at vi i det heile kan snakke om ei endring. Sandøy (2008a: 204) skriv at prosessen frå førekomsten av nye språktrekk til ei gjennomført endring i språket er lang. Denne prosessen, som eg ved hjelp av Sandøy (2008a: 206–210) vil gå inn på nedanfor, er delt i tre: *innovasjon*, *endring* og *spreiing*. Språkendring startar som ein *individuell innovasjon*, men *endringsprosessen* startar ikkje før eit anna individ har starta å nytte det same språkdraget som innovatøren. Når to språkbrukarar no nytta dette nye språkdraget, er det lettare for at ein tredje skal ta det i bruk. Slik tek ein språkendringsprosess til. Språkendring kan sjåast som ein prosess frå det individuelle til det kollektive. Det er vanleg å sette opp ei såkalla S-kurve som ein modell for denne prosessen.



Figur 4: S-kurva²⁰

²⁰ Figuren er henta frå NDLA (Nasjonal digital læringsarena) sine sider. <http://ndla.no/en/node/28559> [henta: 27.04.2013]. Teksten til figuren er endra frå bokmål til nynorsk.

Figur 4: S-kurva viser s-kurva som skal illustrere at endringa går sakte i starten før ho skyt fart, for så å sakke farten mot slutten. Sandøy forklarer at kurva flatar ut på toppen fordi dei siste språkbrukarane held fast på gamle vanar (Sandøy 2008a: 209). Sjølve endringsprosessen er vellukka når eit språkdrag breier seg innanfor eit språksamfunn, men ved *spreiing* kan språkdraget hoppe over til andre samfunn. Spreiing kan mellom anna forklara med *bølgjeteorien* eller *sprangmodellen*.

4.5.3 Bølgjeteorien og aprangmodellen

Bølgjemetoren blir brukt som eit bilet på at språkdrag breier seg som ei bølgje som slår ut frå sentrum og utover i periferien, som ringar ut frå opphavet tid det nye språkdraget.

Sprangmodellen forklarer spreiing som eit sprang mellom større sentrum, før språkdrag etter kvart spreier seg til mindre stadar (Sandøy 2008b: 222). Både bølgjeteorien og sprangmodellen føreset kontakt, men der bølgja er eit bilet på at det er geografisk nærleik i kontakten, viser sprangmodellen korleis sentrum ofte er meir mottakelege for nye språkdrag enn periferien (Sandøy 2008b: 223).

4.6 Taleapråkleg regionaliaering

Både bølgjeteorien og sprangmodellen må kunne sjåast i samanheng med talespråkleg regionalisering. Regionalisering vil seie at dialektene i eit avgrensa geografisk område blir meir og meir like kvarandre, då gjerne fordi språkdrag spreier seg innanfor ein region. Martin Skjekkeland forklarer at språkgrensene mellom bygdemåla blir borte, og at regionaliseringssprosessen fører til at regionale talemål blir danna (2009: 87). Vidare forklarer han at desse regionale talemåla blir danna ved at «lokale meir ‘spesielle’ dialekttrekk med ei avgrensa utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare geografisk utbreiing blir ståande eller spreier seg (Skjekkeland 2009: 86–87). I artikkelen «Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet» trekker Gunnstein Akselberg fram skule og utdanning som ei årsak til regionalisering. «Auka utdanning og sentralisering av skulesektoren, særleg den vidaregåande skulen, fører til at dei små lokale språkendringane er mindre livskraftige enn før. Utviklinga fører til mindre lokal og meir regional talemålsbruk» (Akselberg 2001: 193). Det Akselberg er inne på her, kan knytast til problemstillinga mi om korleis skulen, og då særleg medelevar, har noko å seie for dei endringane som skjer i talemålet til dei unge i Odda og Tyssedal.

4.7 Dialektkontakt

Ovanfor kom det fram at kontakt er ein føresetnad for at eit språkdrag skal kunne spreie seg. Under vil eg gjere greie for akkommadasjon, som forklarer kva som kan skje med språket vårt når vi er i kontakt med andre språkbrukarar. Deretter vil eg kome inn på korleis nye dialekter, koinéar, kan utvikle seg ved dialektkontakt, og kva som karakteriserer ein slik koinéisingsprosess.

4.7.1 Akkommodaasjon

Trudgill definerer akkommadasjon som «[t]he process whereby participants in a conversation adjust their accent, dialect or other language characteristics according to the language of the other participant(s)» (Trudgill 1992: 8). Skjekkeland (2009) skriv om akkommadasjon at det er ei form for språkleg tilpassing der ein tilpassar seg den eller dei ein er i kontakt med. Både Trudgill og Skjekkeland seier at akkommadasjon er ei form for språkleg tilpassing språkbrukarar gjer i møte med kvarandre. Skjekkeland forklarer at det er ulike måtar språkbrukarane tilpassar seg kvarandre språkleg. I enkelte tilfelle er det tale om *konvergens*, medan det andre gongar er tale om *divergens*. Konvergens på den eine sida vil seie å nærme seg språket til den eller dei ein er i kontakt med for å oppnå sosial godkjenning eller gruppetilhørsle. Divergens på den andre sida vil seie å markere eige språk, og gjerne legge vekt på markerte ulikskapar mellom dei to språka som møtest. Akkommadasjon kan skje både bevisst og ubevisst. Grunnane til at vi akkommoderer, kan vere ulike. Skjekkeland skriv at det ikkje berre er geografiske, men òg sosiale skilnadar i språket som kan få oss til å tilpasse oss andre språkbrukarar (2009: 39). Kontakt mellom talemål med ulik prestisje eller språkbrukarar frå ulik sosial klasse kan vere døme på sosiale skilnader som fører til at språkbrukarar akkommoderer.

Ein skil gjerne mellom short-term accommodation, korttidsakkommadasjon, og long-term accommodation, langtidsakkommadasjon. Korttidsakkommadasjon vil seie at ein kan tilpasse seg andre språkbrukarar i enkelte situasjonar, som til dømes i ein telefonsamtale. Det andre tilfellet, langtidsakkommadasjon, ser ein gjerne hos personar som har flytta til ein ny stad (Skjekkeland 2009). Trudgill tek til orde for at akkommadasjon kan føre til ei permanent endring i språket vårt. Han skriv at «[i]f a speaker accommodates frequently enough to a particular accent or dialect, I would go on to argue, then the accommodation may in time become permanent, particularly if attitudinal factors are favorable» (Trudgill 1986: 39). Etter

Trudgill sitt syn, vil det seie at språkbrukarar som er mykje i kontakt med språkbrukarar med andre språk eller dialekter, akkommoderer så mykje at det til slutt kan resultere i endringar i språket. For ungdomsskuleinformantane i denne granskninga er dette særleg aktuelt då ungdomane frå Odda og Tyssedal møtest kvar dag på skulen og til dels òg på fritida, i tillegg til at dei er i ein alder der det å føle at ein passar inn i ei gruppe kanskje er ekstra viktig (jf. pkt. 3.9 om sosialisering).

4.7.2 Koiné og koinéforming

Ordet koiné stammar frå gresk og tyder *felles*, og som eg var inne på i førre kapittel er koiné ei *felles*, ny dialekt som oppstår ved språkkontakt mellom gjensidig forståelege varietetar.

Omgrepet koiné blei for første gong nytta om talemålet på ein norsk industristad, nærmare bestemt målet i Høyanger i Sogn, av Peter Trudgill²¹ (Neteland 2013b). Trudgill definerer koiné som «a historically mixed but synchronically stable dialect which contains elements from the different dialects that went into a mixture, as well as interdialect forms that were present in none» (Trudgill 1986: 107–108). Ein koiné er med andre ord ei stabil dialekt som har blitt til ved, og ber preg av, dialektkontakt. Norske språkforskarar har òg nytta omgrepet koiné for å skildre industristadtalemål. Randi Solheim, som har studert talemålsutvikling i Høyanger, skriv at «[u]nder spesielle samfunnsforhold, gjerne omveltingar som medfører utstrekkt kontakt mellom menneske med ulik dialektal bakgrunn, kan det danne seg nye varietetar – eller *koinéar*. Prosessen som leier fram til slike normer, har eg valt å omtale som *koinéforming*» (Solheim 2006: 66). Eg meiner at definisjonane til Trudgill og Solheim, som begge legg vekt på dialektkontakt, syner at industristadtalemål høver godt som døme på ein koiné. Alle innflyttarane, og dialektene deira, blei del av ei blanding som til slutt enda opp med å bli ei ny, felles dialekt, både odda- og tyssedalsmålet er gode døme på dette.

Randi Neteland legg i artikkelen «Industristedtalemål og dialektendring»²² vekt på at ein må skilje mellom omgrepa *koinéforming* og *koiné*, og skriv at *koinéforming* er ein prosess, medan *koiné* er eit produkt (2013b). For å forstå denne prosessen som fører til at ein koiné blir danna, vil eg i det følgjande nytte framstillinga til Solheim²³. Ho skildrar koinéforming som «eit særtilfelle av dialektkontakt, som munnar ut i utkrySTALLisering av ein ny språkleg varietet»

²¹ I *Dialects in contact* (1986) nytta han Høyanger som døme når han gjer greie for omgrepa koiné og koinéforming.

²² Artikkelen er upublisert, men skal trykkast i NLT (Norsk Lingvistisk Tidsskrift) nr. 2 2013.

²³ Merk at både Neteland og Solheim nytta koinéforming om det andre beskriv som koinéisering (jf. m.a. Røyneland 2008).

(Solheim 2006: 73). I avhandlinga om Høyanger gjer ho greie for koinéforming i tre stadium, eller ein prosess som går føre seg over tre generasjonar:

<i>Stadium/generasjon</i>	<i>Informantgrupper</i>	<i>Utvikling</i>
I	Dei opphavlege innbyggjarane og dei første innflyttarane	Ulike dialektar, byrjande nivellering
II	Barn av dei opphavlege innbyggjarane og innflyttarane	Utstrekta intra- og interindividuell variasjon, vidare nivellering
III	Barnebarn av dei opphavlege innbyggjarane og innflyttarane	Nivellering, kollektiv fokusering, etablering av einsarta dialekt

Figur 5: Dei tre stadia i koinéformingo²⁴

Oppsettet er ikkje unikt for språkutviklinga i Høyanger, men må sjåast som eit utgangspunkt for dei fleste industristadar.

Solheim (2006) skildrar og namngjev dei ulike stadia i koinéformingo. Det første stadiet kallar ho for *kontaktfasen*. Det er i denne fasen dei ulike dialektene først kjem i kontakt, og her er det språklege mangfaldet stort. Etter kontakten er etablert, kjem det, skriv Solheim, ofte ein *kaosperiode*. I denne perioden tilpassar varietetane seg kvarandre, nokre språktrekk fell vekk, medan andre blir med i den nye varieteten. Samstundes som samfunnet blir meir stabilt, blir det altså færre språklege variantar å velje mellom, og ein går etter kvart inn i det siste stadiet, *fokuseringsstadiet* eller *konsolideringsfasen*. Det er ikkje nokon tydeleg overgang mellom dei to siste fasane, skriv Solheim, men stadig meir fokusering fører til at ei ny dialekt, ein koiné, utkrystalliserer seg. Språkutviklinga held sjølv sagt fram etter desse tre stadia, men no er det den nye, etablerte dialekta som skal utvikle seg vidare. Solheim presiserer: «Den vidare språkendringa treng ikkje ha samband med den opphavlege kontaktsituasjonen, men ein etablert koiné vil likevel bere med seg element frå den spesielle historia til språksamfunnet» (2006: 83).

Allereie i 1976, då Sandve skreiv avhandlinga si, var talemåla i Odda og i Tyssedal godt på veg til å bli etablerte koinéar. Det Sandve omtalar som «yngre talemål», er moglegvis talemålet til dei som er å finne i det Solheim kallar for «stadium tre», det vil med andre ord seie barnebarna av dei som kom flyttande rundt 1900. Ein må òg då kunne tenke seg at dei

²⁴ Tabellen er henta frå Solheim (2006: 41).

yngste i avhandlinga til Sandve har ei etablert, ny dialekt. Ernst Håkon Jahr støttar opp om dette synet, og skriv i 1990 at med den andre generasjonen oddingar og tyssedølar etter industrialiseringa har dialektene stabilisert seg (Jahr 1990: 84).

Sjølv om dialektene i Odda og Tyssedal må reknast som stabile dialekter i dag, er det likevel ikkje slik at språket ikkje endrar seg. Eg ser det slik at endringane vi finn i talemåla i dag må reknast som «vanlege» dialektendringar, då koinéformingsprosessen antakeleg er over. Men på same måten som omveltingane i samfunnet kring 1900 var med på å endre språket, er dei endringane ein finn i odda- og tyssedalssamfunnet i dag, med på å avgjere i kva retning språket no endrar seg. Kva type endringar det er snakk om, og ikkje minst kor fort dei skjer, er altså avhengig av kor store dei samfunnsmessige endringane er.

4.7.3 Språklege endringamekaniamar i koinéforminga

For å forstå kvifor koinéane blir som dei blir, og for å kunne forstå kvifor til dømes dialektene i Odda og Tyssedal blei så ulike som dei blei, kan det vere nyttig sjå på kva endringsmekanismar ein finn i koinéforminga. Både Trudgill (1986) og Neteland (2013b) peikar på *forenkling* og *utjamning* som sentrale i koinéforminga. *Forenkling* må vi i koinéforminga ikkje forstå som at grammatikken blir enklast mogleg, men at språktrekk blir *enklare* enn dei var i ein tidlegare fase i prosessen (Neteland 2013b). Døme på forenkling kan ifølgje Kerswill og Trudgill (2005: 198) vere at markerte former og minoritetsformer fell vekk. *Utjamning*, eller *nivellering*, vil seie at språktrekk som er lite utbreidde i det aktuelle talemålet, må vike for trekk som har større utbreiing, og i koinéforminga må vi forstå det slik at det er dei *variantane* som er lite utbreidde i dei ulike *varietetane* som møtest, som må vike for dei meir utbreidde variantane (Neteland 2013b). Som døme på dette meiner eg at vi må kunne sjå pronomensystemet i Tyssedal som eit godt døme. Før industrialiseringa, i det før-industrielle talemålet, var til dømes det personlege pronomenet i første person eintal det same som vi finn i både og i talemåla rundt, nemleg *eg*. Vi må sjå det slik at denne forma måtte vike for *jeg*-varianten som då truleg var meir utbreidd mellom innflyttarane.

4.7.8 Mellomformer

Koinéformingsprosessen, og andre former for dialektkontakt, kan føre til såkalla *mellomformer*. Mellomformer er, skriv Trudgill, «forms arising out of dialect contact which do not occur in the original dialects that are or were in contact» (1986: 63). Det vil seie at dei

nye formene som blir danna i ein kontaktsituasjon, ikkje treng vere ein del av dei opphavlege møtande dialektene. Solheim skriv at mellomformer, eller *språklege kompromiss*, sameiner ulike variantar, og på den måten dannar nye språktrekk. Vidare skriv ho at slike nye språktrekk er med på å fortelje historia som ligg bak nye dialekter som blir danna i koinéformingsprosessen (2006: 79–80). Mellomformene kan fortelje oss noko om korleis dialektmøtet var og korleis språkbrukarane måtte inngå språklege kompromiss for å danne ei ny, felles dialekt. I den nye dialekten som blei danna i Høyanger etter industrialiseringa, viser Solheim til fleire slike språktrekk. Ho viser korleis austnorske språktrekk har «blanda» seg med lokale variantar i møte mellom ulike dialekter. Mellom anna viser ho til korleis presens av *å komme* har utvikla seg til ei slags mellomform ved å sette opp den lokale varianten *kjem* og den austnorske *kommer* på kvar si side av den nye varianten *komme*. (2006: 252). I Årdal fann Myklebust at diftongen /øʊ/ er ei mellomform mellom den tradisjonelle /au/-diftongen og den moderne varianten som er ein monoftong (2012: 119). I kapittel 7 vil eg vise døme på korleis slike mellomformer gjer seg gjeldande i Odda og Tyssedal.

4.7.9 Majoritetaprinaippet

I tillegg til endringsmekanismane ovanfor kan *majoritetsprinsippet* vere med på å forklare korleis koinéar utviklar seg og blir som dei blir. I språk- og dialektkontakt er det ofte éin varietet eller eitt språk som dominerer, det vil seie som har majoriteten av språkbrukarane. Trudgill forklarer at «forms that occur in a majority of the contributing dialects win out and survive in the emerging focused dialect [...]» (1986: 143). Innflyttarane til Odda hadde annan bakgrunn enn innflyttarane til Tyssedal (jf. tabell 1), og «blandinga» blei difor ulik på dei to stadane, og dei nye dialektene som vaks fram blei såleis ulike. «Produktet av blandinga er ikkje uventa: tyssedølane er nokså austnorske, oddingane er hardingar» (Jahr 1990: 84). Det Jahr peikar på, kan vise at majoritetsprinsippet har hatt sitt å seie for korleis dei nye dialektene utvikla seg i Odda og Tyssedal. Majoritetsprinsippet kan på same måte som det er med å forklare korleis koinéane blei til, vere med å forklare korleis majoriteten språkbrukarar gjerne dominerer i den kontakten ein finn mellom Odda og Tyssedal i dag.

4.8 Ungdomspråk og ungdom aom apråklege innovatørar

Ordet ungdomsspråk har ofte negative konnotasjoner knytte til seg, og ein forbind det gjerne med slang og ufin ordbruk. Ungdomsspråk blir ofte sett på som ein «trussel» mot dei

tradisjonelle dialektene, og påstandar som går i retning av at dialektene er på veg til å døy ut, kan ein høyre mellom eldre språkbrukarar. I boka *Ungdomsspråk* skil Ingrid Kristine Hasund (2006) mellom *ungdomsspråk* på den eine sida og kollektive oppfatningar *om* kva ungdomsspråk er, på den andre. Ho gjer det klart at ungdomsspråk er det språket ungdomen faktisk talar, medan dei kollektive oppfatningane er dei fordommene og tankane ein har om kva ungdomsspråk er (Hasund 2006: 9). Desse to, faktisk språkbruk og kollektive oppfatningar, samsvarar ikkje alltid med kvarandre, og på same måte som andre språkbrukarar ikkje er ei homogen gruppe, er heller ikkje ungdom det. Eg granskar ikkje ungdomane sitt språk på den måten at eg ser på slang og andre slike typiske trekk som ligg i dei kollektive oppfatningane, men likevel studerer eg unge språkbrukarar sitt faktiske språk, og på den måten òg ungdomsspråk. Talemålet til dei unge fortel oss nemleg ikkje berre noko om slang og kva for ufine og nye ord som er på veg inn i språket. Unn Røyneland legg i artikkelen «Aldersavgrensing og ungdom som språkendringsagentar» vekt på at vi kan nytte talemålet til unge språkbrukarar som ein indikator på kva retning talemålet utviklar seg i (2001). I tillegg presenterer ho følgjande paradoks: «ungdom utgjer ei svært interessant informantgruppe sidan dei er viktige agentar i språkendringsprosessar, men samstundes er det også i denne gruppa at potensialet for aldersavgrensing er aller størst» (2001: 92). Dette har eg vore inne på tidlegare (jf.pkt.3.4) og det er eit viktig poeng. Ein må ta omsyn til at ungdom er særleg påverkelege, og noko av det dei tileignar seg i ungdomsåra, kjem dei nok kanskje til å legge av seg når dei blir eldre. Det er eit metodisk dilemma at ein ikkje sikkert kan vite kva for endringar som er vedvarande, og kva som berre er aldersavgrensing. I artikkelen argumenterer Røyneland for at «farene» for aldersavgrensing ikkje er like stor ved innovasjonar på bakgrunn av dialektkontakt, som til dømes konvergens mot eit anna talemål, som ved innovasjonar som er systeminternt motiverte (2001: 109). Det er difor viktig å prøve å forklare i kva retning talemålet endrar seg, og kvar påverknadar og impulsar kjem frå, eventuelt kva indre og ytre faktorar som kan vere aktuelle årsaksforklaringar.

4.9 Skulen aom apråklegaoaialiaeringainatana

Omgrepet sosialisering kan forklaraast som ein prosess der vi tilpassar oss det åtferdsmønsteret som er gjeldande i samfunnet (Dencik og Jørgensen 1999: 21). Born og unge bruker mykje av tida si på skulen, og skulen blir difor ein viktig sosialiseringsarena med tanke på både danning og språk. Dei ulike *sosialiseringsinstansane*, lærarar, medelevar og liknande, påverkar på ulikt vis, i tillegg til at dei har ulike forventningar til korleis den enkelte elev eller venn skal

utvikle seg eller på kva måte han eller ho deltek i det felles samfunnet. Det er gjennom ei slik sosialisering, både på skulen, heime og elles i samfunnet at vi utviklar oss som individ og tilpassar oss det samfunnet vi er ein del av (Larsen 2006). Ein kan sjå på skulen som ein slags sosialiseringsinstans der elevane møter ulike krav og forventningar, samstundes som dei ofte lett lèt seg påverke. Tidlegare var det gjerne slik at ein fortare kom seg ut i jobb og hadde meir omgang med vaksne i ein tidlegare alder. No går ein ofte lenger på skulen i tillegg til at ein er saman med skulekameratar på fritidsaktivitetar etter skuletid. Det vil seie at barn og unge gjerne blir påverka meir av kvarandre no enn før, og denne gruppa må sjåast som ein viktig språkendringsagent. Trudgill nemner mellom anna Labov når han skriv at det er ein vanleg observasjon at ungdom heller tileignar seg språket til jamaldra enn til vaksne (Trudgill 1986: 31). Dei unge påverkar ikkje berre kvarandre, men òg dei andre språkbrukarane i samfunnet. Sandøy forklarar at «[v]ed eit sentralisert skolesystem blir f.eks. skolane – med svært mottakelige ungdomar – effektive katalysatorar for nyutviklingar som forplantar seg frå skolesentrumet og ut til periferien der ungdomane høyrer heime» (Sandøy 2008b: 230).

4.9.1 Identitet og norm

Språket vårt og måten vi snakkar på, kan fortelje mykje om kven vi er. Språket har ein *identifiseringsfunksjon*, og fortel noko om kven vi er (Sandøy 1996: 115). Dei ulike *normene* vi møter, til dømes på skulen eller på arbeidsplassen, er gjerne med på å få oss til å endre språket, og dermed òg identiteten vår. Normene seier noko om kva som er «normalt» eller aksepert innanfor ein gruppe, og dersom vi vil få innpass i denne gruppa lèt vi slike normer, bevisst eller ubevisst, styre språkbruken vår. Normer er noko vi sjølve dannar oss, og dei blir styrte av åtferda til dei rundt oss (Mæhlum 2008: 90–92). At vi prøver å tilpasse oss slike normer, kan kome til uttrykk mellom anna gjennom måten vi kler oss på, fritidsaktivitetar vi er med på eller måten vi snakkar på. Akselberg hevdar i doktorgradsavhandlinga si at «[v]årt eige og andre sitt medvit, framfor alt medvitet si rolle, sin funksjon og sine moglegheiter, formar mennesket sine opplevelingar av seg sjølv, av verda og si eiga plassering i denne verda. Dette verkar inn på språket vårt» (Akselberg 1995: 66).

4.10 Preaentasjon av dei aoaiale variablane

Ved å samanlikne distribusjon av språklege variablar i ulike sosiale kategoriar eller variablar kan ein seie noko om korleis dei ulike sosiale gruppene skil seg språkleg frå kvarandre. Nokre

sosiale variablar blir ofte nytta, medan andre variablar er spesielle for eitt spesielt språksamfunn eller éi form for gransking. *Region*, *kjønn* og *alder* er dei tre tradisjonelle sosiale variablane, skriv Skjekkeland (2009). Det er desse tre eg har teke utgangspunkt i når eg har valt sosiale variablar for granskinga mi av talemålet til dei unge i Odda og Tyssedal.

4.10.1 Lokalgeografiak tilhøyrale

I staden for region kallar eg denne variabelen for *lokalgeografisk tilhørsle*. Denne variabelen nytta Myklebust (2012) i granskinga av talemålet i Årdal, der ho skil mellom Øvre Årdal og Årdalstangen. På same måte skil eg mellom Odda og Tyssedal i granskinga mi. Dei to er alt skildra som to ulike talemål (i mellom anna Sandve (1976)), og variasjon vil difor vere sjølvsagt. Men kva former nytta dei unge i Odda i dag, og korleis ser det ut i Tyssedal? Det er òg interessant å sjå korleis biletet har endra seg sidan kartlegginga til Sandve i 1976.

4.10.2 Alder/klaaetrinn

Alder og generasjon blir ofte nytta som sosial variabel for å forklare språkleg variasjon og endring. Ofte samanliknar ein språkbruken i fleire generasjonar for å skape eit bilet av variasjonen som finst mellom dei. I granskinga mi hører alle informantane til i same generasjon, og variabelen *alder* vil i denne granskinga bli nytta til å granske skilje i ulike årsklassar. Det vil vere særleg interessant med tanke på det som står ovanfor om skulen som språkleg sosialiseringssarena (jf. pkt. 3.9). Det er interessant å sjå om dei yngste informantane, som går på barneskulen, skil seg språkleg frå dei eldste, som snart er ferdige med ungdomsskulen. Gjert Kristoffersen gav i 1980 ut *Dialektutvikling hos skolebarn*²⁵, der han mellom anna finn at språklege skilnadar verkar å minke jo eldre skuleborna blir, og skriv at ungdomane har eit relativt homogent språk når dei er ferdige med skulen²⁶. Han forklarer dette som ein frigjeringsprosess, der barn som begynner på skulen, kjem inn med språknormene til familien og foreldra, men at dei gjennom skuletida riv seg frå desse normene og tilpassar seg kameratflokken og ungdomsmiljøet.

Sjølv om alle informantane mine hører til same generasjon, kan eg samanlikne denne generasjonen med informantane til Sandve for førti år sidan, og på den måten kunne seie noko om variasjonen i ulike generasjonar. Eg har tidlegare vore inne på at arbeidet til Sandve skil

²⁵ Boka identisk med hovudfagsoppgåv *Mi brægå' så i Æ'ndal* frå 1978.

²⁶ Kristoffersen snakkar her om den niårige einskapsskulen, og skuleelevar i sekstenårsalderen.

seg frå mitt, men funna hans kan eg likevel nytte i ei diakron undersøking av endringar i talemålet.

4.10.3 Kjønn

I sosiolinguistikken har det ofte vore interessant å undersøke korleis menn og kvinner skil seg språkleg frå kvarandre, det er interessant å sjå om det er variasjon i talemålet mellom kvinner og menn. Mønsteret som går att i fleire sosiolinguistiske granskingar, er at kvinner nyttar fleire prestisjeformer enn menn. Papazian og Helland skriv at «kvinner tenderer til å nytte mindre av lågstatus-former eller dialektformer og meir av høgstatus-former eller standardformer enn menn med same bakgrunn» (2005: 33). Ein av grunnane til at det er slik, skriv Sandøy (2008a), er at kvinner nyttar språket for å oppnå status, medan menn oppnår status til dømes gjennom yrket sitt. I tillegg peikar han på at det ser ut til å gå mot ei utjamning, og konkluderer med at noko av grunnen til det må vere endringar i samfunnet der mellom anna fleire kvinner er yrkesaktive no enn før. På den andre sida viser Labov til ei gransking i Amsterdam der føremålet var å undersøke skilje mellom kvinner i arbeid og heimeverande kvinner. Labov skriv at det ikkje var noko signifikant skilje mellom desse to gruppene, og skriv vidare at endring i livsstilen ikkje nødvendigvis resulterer i endring i språkbruken (Labov 2001: 279). I granskinga mi, som konsentrerer seg om barn og unge, kan det vere interessant å sjå kor vidt det er skilnad i språkbruken mellom kjønna denne aldersgruppa. Kritsoffersen (1980) finn i granskinga si at skilnadane er små mellom gutter og jenter, men ser likevel at gutane nyttar dei tradisjonelle dialektformene i noko større grad enn jentene.

Penelope Eckert og Sally McConnell-Ginet refererer til Simone de Beauvoir og tek til orde for at kjønn er noko vi blir sosialisert inn i, ein evigvarande prosess som startar før vi i det heile er fødde. Dei skil mellom kjønn som biologisk og sosial storleik, og skriv at gjennom livet lærer vi å vere anten kvinne eller mann. Namnet vårt, kleda våre, haldningane våre og måten vi snakkar på, er berre noko av det som koplar oss til det sosiale ved kjønnet (2003: 15ff.). Tek vi dette i betrakting når vi skal undersøke skilnader i språkbruken mellom menn og kvinne, eller for min del mellom jenter og gutter, må vi først og fremst vite noko om kva tid vi får ei bevissthaldning til kjønn og skilnadar mellom kjønna. Eckert og McConnell-Ginet (2003) skriv at allereie i dei første leveåra begynner barn å få eit bevisst forhold til kjønn. Likevel er denne bevisstheita noko som utviklar seg, som Eckert skriv er det ein livslang

sosialiseringsprosess. Eg trur at barneskuleelevarane har eit mindre bevisst forhold til kjønnsskilnadar enn ungdomsskuleelevarar, samstundes som eg trur at ungdomsskuleelevarar igjen har eit mindre bevisst forhold til det enn vaksne, nettopp på grunn av denne sosialiseringsprosessen som går føre seg. Dette kan vere ein av grunnane til at ein ikkje finn store skilnader i språkbruken mellom jenter og gutter i sosiolinguistiske granskingar (jf. om Kristoffersen si gransking i avsnittet over). I skulealder har ein gjerne ikkje like mykje behov for å markere seg som kvinne eller mann, statusforholdet er gjerne jamnare mellom gutter og jenter enn mellom kvinner og menn.

3.7 Hypoteaar

Eg vil undersøke om resultata mine kan støtte om følgjande fire hypotesar om talemålet i Odda og Tyssedal.

1. Det er meir språkleg fokus i Odda enn i Tyssedal.

Med dette meiner eg at det er mindre variasjon i talemålet i Odda enn i Tyssedal, det vil seie at dei nyttar fleire ulike variantar av dei språklege variablane i Tyssedal enn det dei gjer i Odda. Grunnen til dette kan vere at det er tyssedalsmålet som mest truleg nærmar seg oddamålet, då det er dialekten i Odda som har majoriteten av dialektbrukarar i området.

2. Det er meir språkleg fokus blant ungdomsskuleelevarane enn blant barneskuleelevarane.

Kristoffersen (1980) finn si gransking i Arendal at skilnadane minkar jo eldre ungdomane blir. Eg skal sjå om det same stemmer for informantane i denne granskinga, og om noko av grunnen til dette kan vere at skulen har ein sosialiserande funksjon. Eg har tidlegare vore inne på at ungdom i større grad tilpassar seg talemålet til jamaldra enn foreldre, og noko av grunnen til at skilnadane mellom ungdomane minkar jo eldre dei blir, kan ligge i nettopp dette at dei går vekk frå å tilpasse seg til foreldre og andre vaksne til å ta etter kameratar mellom anna på skulen.

3. Det går mot språkleg utjamning mellom Odda og Tyssedal slik Sandve indikerer.

Sandve konkluderte i 1976 med at det går mot språkleg utjamning mellom Odda og Tyssedal. Eg støttar meg på konklusjonen hans, når eg seier at eg trur denne utjamninga framleis går føre seg, og at ho kan vise seg i dei språklege variablane eg har valt å undersøke.

4. Det er liten språkleg skilnad mellom jenter og gutter.

I Arendal finn Kristoffersen (1980) at det var liten skilnad i språket til gutter og jenter. Det same trur eg vil vise seg i mine resultat. Eg trur skulen kan vere ei forklaring på kvifor det er slik, då det ikkje er noko maktforhold mellom dei to gruppene slik det kanskje er i arbeidslive og i større grad mellom vaksne, og at elevane på den måten ikkje føler eit behov for å markere sin posisjon gjennom språket.

3.8 Feilkjelder i denne granakinga

Før eg presenterer resultata mine, skal eg no presentere eventuelle feilkjelder i granskinga mi. Det er alltid noko som kunne vore gjort annleis eller betre, men ein kjem uansett ikkje unna feilkjelder som kan verke inn på resultatet. For det første kan det verke inn på informantane at intervjuar ikkje har den lokale dialekta. Eg kan ikkje vite om dei tilpassar talemålet slik at eg betre skal forstå dei. I tillegg veit eg heller ikkje om det er deira kvardagslege tale eg får på band, eller om måten dei snakkar på, er prega av den formelle situasjonen eit sikt intervju er. Eg kunne òg sjølv sagt hatt fleire informantar for å sikre meg ein større representasjon, og på den måten sikre meg meir frekvente variablar. Ein må på same tid avgrense både informant- og variabelutval slik at det passar til det omfanget ei slik oppgåve har.

5. PRESENTASJON AV RESULTAT

5.1 Inngang

I dette kapittelet vil eg presentere resultata mine, samstundes som eg vil samanlikne dei med den skriftlege framstillinga til Sandve frå 1976²⁷. Resultata er statistisk framstilt, og for kvar variabel vil eg vise intra- og interindividuell variasjon i søylediagram og ein tabell som viser distribusjonen av dei ulike variantane i tal og prosent. Først vil eg vise korleis dei språklege variablane korrelerer med dei to sosiale variablane *alder* og *sosialgeografisk tilhørsle*, for kvar variabel har eg framstilt dette i eitt og same diagram. Til desse diagramma vil eg òg presentere funna til Sandve for å samanlikne dei med mine. Deretter vil eg presentere dei språklege variablane korrelerte med den sosiale variabelen *kjønn*. Vedlagt ligg eit oversyn som viser belegg i tal per informant, vedlegget inneheld éin tabell for kvar variabel.

I dette kapittelet blir desse forkortingane nytta:

O U = Odda ungdomsskule **G** = Gutar

O B = Odda barneskule **J** = Jenter

T B = Tyssedal barneskule t.sv/t.st = trykksvak og trykksterk

T U = Tyssedal ungdomsskule

I tillegg nyttar eg ≠ som i tabellane med resultat av signifikanstestane tyder *skil seg frå*.

5.2 Statiatikk

Til å framstille kvantitative data nyttar vi gjerne statistikk. Fordelen med å tenke statistisk er at vi i mindre grad trekker uriktige konklusjonar (Rowntree: 1981). Likevel kan ei statistisk framstilling vere unyansert ved at heile biletet ikkje kjem fram i eitt enkelt diagram. For å danne eit mest mogleg nyansert bilet, framstiller eg både inrta- og inerindividuell variasjon, for på den måten å sjå korleis informantane skil seg frå kvarandre, og om det er enkeltindivid som skil seg i så stor grad at det er utslagsgivande for resultata, såkalla *uteliggjarar*.

Søylediagramma viser resultata fordelt på kvart individ i kvar gruppe, det vil seie at kvar informant er vekta likt. Under søylediagramma er belegga framstilte i ein tabell som viser realiseringane i tal og prosent for kvar av gruppene.

²⁷ Eg markerer med kursiv og apostrof der Sandve (1976) for hand nyttar understrekning.

Eg har òg signifikanstesta resultata mine, for å avgjere om dei forskjellane eg finn ikkje berre er tilfeldige funn mellom informantane i granskninga, men representative for ein større del av språkbrukarane. For kvar variabel (med unntak av V1²⁸) har eg laga ein tabell for å framstille resultata frå signifikanstestinga. Signifikansgrensene i tabell 11 er dei same som både Haugen (2004: 152) og Myklebust (2012: 74) nyttar:

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikans

Tabell 11: Signifikansgrenser

I tillegg til framstillingane i dette kapitellet ligg det vedlagt (vedlegg 4) ein tabell for kvar variabel som viser tal på belegg for kvar variant av den aktuelle variabelen. Dette har eg gjort for å vise kva materiale som ligg bak resultata.

5.3 Alder og lokalgeografiak tilhøyrale


Av dei tre sosiale variablane har eg her valt å slå saman alder, som eg i tabellane har kalla *skuletrinn*, og lokalgeografisk tilhørsle, i tabellane *heimstad*. Figurane viser difor fire søyler, ei for Odda barneskule, ei for Odda ungdomsskule, ei for Tyssedal barneskule og til slutt ein for Tyssedal ungdomsskule. Som skrive over, vil eg for kvar variabel i tillegg vise den intra-individuelle variasjonen for alle informantane, for å få eit bilet av variasjonen på individnivå.

5.3.1 V1: Pronomen: 1. peraon eintal, aubjektaform (trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering)

«I Oddamålet er dei ubrotne pronomenformene i 1. og 2. person eintal einerådande: /e:g/, /me:g/, og /de:g/. I Tyssedalsmålet blir både brotne og ubrotne former nytta. Dei brotne formene /jɛɪ/, /mɛɪ/ og /dɛɪ/ finst berre i eldre mål. Mellom yngre i Tyssedal er dei ubrotne formene einerådande, og desse har også vunne innpass mellom mange eldre» (Sandve

²⁸ For V1.1 og V1.2 har eg framstilt resultata frå signifikanstestinga skriftleg utan tabell. Dette fordi det er mange variantar, men lite signifikans.

1976:122). Sandve skil ikkje mellom trykksvak og trykksterk realisering, og skil berre mellom to variantar, nemleg *eg* og *jei*.



Figur 6: V1.1 (t.sv) personleg pronomen første person eintal korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad


V1.1 (t.sv) Skuletrinn og heimstad												
	eg.sv		e.sv		ei.sv		je.sv		jei.sv		Sum	
T B	29 %	(99)	55 %	(192)	2 %	(7)	13 %	(45)	1 %	(3)	100 %	(346)
T U	44 %	(97)	56 %	(123)	0 %	(1)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(221)
O B	34 %	(52)	66 %	(101)	0 %	(0)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(153)
O U	45 %	(117)	55 %	(143)	0 %	(0)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(260)

T B ≠ T U: T for V1.1 ei.sv., alle andre grupper og variantar: i.s.


Tabell 12: Belegg i tal og prosent for V1.1 (t.sv) fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad

Sandve (1976) fann at dei ubrotne formene, det vil seie former utan *j* i framlyd, var einerådande både i Odda og blant unge i Tyssedal. Figur 8 syner at det er variasjon i

realisering av det personlege pronomenet, men at skilnadene mellom Odda og Tyssedal er heller liten. Det ser ut som dei ubrotne formene er rådande, sjølv om det kjem fram at formene med *j* i framlyd framleis er i bruk. Mest variasjon finn vi i barneskulegruppa frå Tyssedal, der det er innslag av heile fire variantar. Og ser vi vidare på framstillinga av den intra-individuelle variasjonen (figur 1), kjem det fram at det i hovudsak er éin informant som skil seg ut mellom dei i Tyssedal, men at variasjonen likevel er større i denne gruppa enn elles. Variantar som *e*, *je* og *ei*, kan moglegvis sjåast som mellomformer, og at dei etter kvart vil utjamne seg.



Figur 7: Intra-individuell variasjon for V1.1 (t.sv) personleg pronomen første person eintal




Figur 8: V1.2 (t.st) personleg pronomen korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad

V1.2 (t.st), skuletrinn og heimstad										
	eg.st		e.st		ei.st		jei.st		Sum	
T B	70 %	(32)	22 %	(10)	2 %	(1)	6 %	(3)	100 %	(46)
T U	95 %	(34)	5 %	(2)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(36)
O B	73 %	(16)	27 %	(6)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(22)
O U	87 %	(61)	13 %	(9)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(70)

T B ≠ T U: * for V1.2 eg.st., alle andre grupper og variantar: i.s.

Tabell 13: Belegg i tal og prosent for V1.2 (s.st) fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad


Den trykksterke realiseringa av personleg pronomen i subjektsform er ikkje like frekvent som den trykksvake, men vi kan likevel lese eit mønster ut av diagrammet over, og mønsteret er noko det same som for V1.1. Akkurat som for førre variabel, er det òg her mest variasjon hos dei yngste i Tysseadal, og akkurat som over, ser vi at vi har ein uteliggjar mellom desse. Den intra-individuelle variasjonen er noko mindre i trykksterk realisering, og mange av informantane har ingen variasjon i det heile.



Figur 9: Intra-individuell variasjon for V1.2 (t.st)

5.3.2 V2: Nektingaadverbet *ikkje*

Det vanlege nektingsadverbet i Odda er *ikkje*, medan det i Tyssedal er *ikke*(Sandve, 1976: 164).



Figur 10: V2 nektingsadverbet korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad


I denne variabelen skil Sandve mellom trykksvak og trykksterk realisering. Eg har *ikkje* gjort det, men eg har registrert at det er samsvar mellom formene *ke* og *ikke*, og *kje* og *ikkje*. I Odda er det framleis *ikkje* som er rådande, medan det i Tyssedal er variasjon mellom dei to variantane, men *ikke* er framleis mest frekvent der. Interessant er det også at barneskuleelevarne i Tyssedal held sterkare på den tradisjonelle forma, *ikke*, enn ungdomsskuleelevarne, og figur11 under viser at den intra-individuelle variasjonen er størst i denne gruppa, men også mellom ungdomsskuleelevarne finn vi intra-individuell variasjon mellom dei to formene. I Odda er den tradisjonelle forma *ikkje* einerådande for alle informantane.

V2	
O B ≠ O U	i.S.
O B ≠ T B	***
O B ≠ T U	**
O U ≠ T U	***
O U ≠ T B	***
T B ≠ T U	i.S.

Tabell 15: Signifikans for V2

V2	Ikkje		Ikkje		Sum	
	T B	79 %	(174)	21 %	(46)	100 %
T U	67 %	(96)	33 %	(48)	100 %	(144)
O B	0 %	(0)	100 %	(98)	100 %	(98)
O U	0 %	(0)	100 %	(231)	100 %	(231)


Tabell 14: Belegg i tal og prosent for V2 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad



Figur 11: Intra-individuell variasjon for V2

5.3.3 V3: Endingavokal i infinitiv

«Odda- og Tyssedalsmålet har ulike endingar i infinitiv. Oddamålet har -a. [...] Tyssedalsmålet har -ø» (Sandve 1976: 139)



Figur 12: V3 endingsvokal i infinitiv korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad

V3	
O B ≠ O U	i.s.
O B ≠ T B	***
O B ≠ T U	***
O U ≠ T U	***
O U ≠ T B	***
T B ≠ T B	i.s.


Tabell 17:
Signifikan for V3

V3					
	e		a		Sum
T B	100 %	(132)	0 %	(0)	100 % (132)
T U	97 %	(114)	3 %	(4)	100 % (118)
O B	0 %	(0)	100 %	(36)	100 % (36)
O U	6 %	(7)	94 %	(116)	100 % (123)

Tabell 16: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad

Tradisjonelt er det skilje mellom *a*- og *e*-mål i Odda og Tyssedal, og figur 12 og tabell 16 over syner at det framleis er slik. Likevel kjem det fram at nokre av ungdomsskuleelevarne skil


seg ut. I Tyssedal er dette snakk om éin informant (jf. figur 13), medan det i Odda er snakk om variasjon mellom fleire av informantane. Likevel må ein kunne seie at dei to målføra skil seg frå kvarandre ved at det i Odda framleis er *a*-mål og i Tyssedal framleis *e*-mål.



Figur 13: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad

5.3.4 V4: Realiaering av diftongen *ei*

For å framstille realisering av denne variabelen, har Sandve nytta mange døme, døme både der distribusjonen er lik, men også der han er ulik mellom Odda og Tyssedal. Belegga mine baserer seg på eit utval ord der Sandve finn at dei i Odda har diftongering, medan dei i Tyssedal har monoftongering. Orda Sandve ramsar opp, og som eg har merka, er: *heite, leite, meine, leike, veit, heil, meir, heim og heil* (jf. Sandve 1976: 96). I tillegg har eg delt diftongen i to variantar, *ai*, /ai/ og *Ei*²⁹ /ɛɪ/³⁰. Om den siste varianten, *Ei*, skriv Sandve: «Unntaksvise hørde eg diftongen uttalt som /ɛɪ/ eventuelt /æɪ/ hos personar i Tyssedal som normalt nytta /ai/. Dette må då reknaast som frie variantar av fonemet /ai/ i Tyssedal, men dei har i dag lite utbreiing og er ikkje realiserte mellom ungdom» (1976: 67)³¹.



Figur 14: V4 realisering av diftongen *ei* korrelert med dei sosiale variablene skuletrinn og heimstad

²⁹ Her nyttar eg stor e i ei, Ei, fordi det er slik variabelen ser ut i Talebanken. Eg held på det.

³⁰ Heretter refererer eg til dei to diftongane som *ai* og *Ei*, ikkje som /ai/ og /ɛɪ/.

³¹ Varianten *Ei* i materialet mitt blir realisert som /ɛɪ/ og ikkje /æɪ/ som er den andre frie varianten Sandve finn.

V4	e	ai	Ei
O B ≠ O U	i.s.	**	**
O B ≠ T B	***	**	***
O B ≠ T U	***	*	***
U O ≠ T U	***	***	i.s.
U O ≠ T B	***	***	T
B T ≠ T B	i.s.	i.s.	i.s.


Tabell 19: Signifikans for V4

V4								
	e		ai		Ei		Sum	
T B	94 %	(150)	5 %	(8)	1 %	(1)	100 %	(159)
T U	90 %	(119)	9 %	(12)	1 %	(2)	100 %	(133)
O U	10 %	(5)	50 %	(24)	40 %	(19)	100 %	(48)
O U	5 %	(7)	78 %	(97)	17 %	(22)	100 %	(126)

Tabell 18: Belegg i tal og prosent for V3 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad

Det ser ut til at monoftongeringa held seg mellom dei yngre i Tyssedal, medan variasjonen er større i Odda. Det tradisjonelle tyssedalsforma *e* er mest frekvent mellom begge gruppene tyssedøler, medan dei to diftong-variantane er mest frekvente i Odda. Det er også interessant at varianten Ei om lag berre er å finne mellom informantane i Odda, då det kom fram over at det var i Tyssedal Sandve fann denne frie varianten av diftongen. Igjen kjem det fram at det er barnskulelevane i Tyssedal som held best på den tradisjonelle varianten, sjølv om skilnaden ikkje er veldig stor.


Av figur 15 under kjem det fram at om lag alle informantane fra Odda varierer mellom to eller tre variantar av denne variabelen. Den intra-individuelle variasjonen mellom informantane fra Tyssedal heller er liten, nesten alle informantane der har hundre prosent treff på monoftongvarianten.



Figur 15: Intra-individuell variasjon for V4

5.3.5 V5: Preaena av a-verb, kaata-klaaaa

Sandve skriv at den vanlege presensendinga i Odda er *-e* og i Tyssedal *e(-r)*. Han finn òg at *a*-ending i presens er vanleg mellom eldre i Odda. Om presensendinga i Tyssedal skriv han tillegg at det er vakling, men det ser ut til at formene utan *r* vinn fram (Sandve 1976: 135).



Figur 16: V5 presens av a-verb, kasta-klassa, korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad


V5	Alle variantar
O B ≠ O U	i.s.
O B ≠ T B	i.s.
O B ≠ T U	i.s.
O U ≠ T U	i.s.
O U ≠ T B	i.s.
T B ≠ T U	i.s.

Tabell 21: Signifikans for V5

	e		er		a		Sum	
	T B	88 % (67)	9 % (7)	3 % (2)	100 % (76)			
T U	90 % (36)	0 % (0)	10 % (4)	100 % (40)				
O B	96 % (26)	0 % (0)	4 % (1)	100 % (27)				
O U	95 % (58)	0 % (0)	5 % (3)	100 % (61)				

Tabell 20: Belegg i tal og prosent for V5 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad.


I Odda har denne variabelen halde seg meir eller mindre stabil sidan Sandve undersøkte han, medan det i Tyssedal har gått frå *e(r)*- til *e*-ending. Det kjem fram av figuren over at skilnaden mellom ungdomane er heller liten. Vi ser likevel ein liten variasjon i alle dei fire gruppene. Der Barneskulegruppa i Tyssedal har innslag av alle dei tre variantane, har dei tre andre gruppene variasjon mellom *e*- og *a*-ending. Men alt i alt er variasjonen liten, og dei fire gruppene samlar seg kring *e*-endinga i presens av *a*-verba.



Figur 17: Intra-individuell variasjon for V5

5.3.6 V6: Bestemt form eintal, svake hokjønn

I avhandlinga til Sandve kjem det fram at svake hokjønnsord endar på *-o* i Odda, og *-a* i Tyssedal (1976: 100–101).



Figur 18: Bestemt form eintal, svake hokjønn korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad.

Det ser ut til at dei tradisjonelle hokjønnsformene held seg både i Odda og Tyssedal, og at det difor i denne variabelen framleis er eit tydeleg skilje mellom dei to talemåla. Det er lite variasjon i dei ulike gruppene, og mellom dei eldste i Tyssedal er det ingen variasjon i det heile.


V6	a og o	en
O B ≠ O U	i.s.	i.s.
O B ≠ T B	***	i.s.
O B ≠ T U	***	i.s.
O U ≠ T U	***	i.s.
O U ≠ T B	***	i.s.
T B ≠ T U	i.s.	i.s.

Tabell 23: Signifikans for V6

V6								
	a		o		en		Sum	
T B	92 %	(35)	0 %	(0)	8 %	(3)	100 %	(38)
T U	100 %	(41)	0 %	(0)	0 %	(0)	100 %	(41)
O B	9 %	(4)	91 %	(37)	0 %	(0)	100 %	(41)
O U	11 %	(9)	85 %	(65)	4 %	(2)	100 %	(76)

Tabell 22: Belegg i tal og prosent for V6 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad

Figur 19 viser at den intra-individuelle variasjonen er liten i alle dei fire gruppene, og at informantane held godt på dei tradisjonelle formene.




Figur 19: Intra-individuell variasjon for V6

5.3.8 V7: Kj/aj-aamanfall

V7 er den einaste variabelen eg ikkje kan samanlikne med Sandve sine resultat, då *kj/sj*-samanfall ikkje var aktuelt å undersøke i 1976. Eg ville ha med denne variabelen for å undersøke om samanfallet er å finne mellom unge i Odda og Tyssedal, og på same tid undersøke om samanfallet er like frekvent på dei to stadane. Denne variabelen har eg delt inn

i tre variantar. Den første varianten, *sj* /ʃ/, er den som er ny og som tek over for dei tradisjonelle variantane *kj*, /ç/, og *TSJ*³² /tʃ/, når lydane fell saman.



Figur 20: V7 *sj/kj*-samanfall korrelert med dei sosiale variablane skuletrinn og heimstad.

Ut frå figuren over kjem det tydeleg fram at *kj/sj*-samanfallet er å finne både i Odda og Tyssedal, men i alle gruppene er det variasjon mellom variantane. Det er med andre ikkje eit fullstendig samanfall, men likevel er det skilnader i gruppene dersom vi ser på kvar samanfallet er mest frekvent. Det er ungdomane i Odda som held best på *kj*-varianten, medan dei tre andre gruppene er nokså like. Figur 21 viser at om lag alle informantane har innslag av samanfallet, og nokre meir enn andre. Hos enkelte av informantane, med representantar frå alle fire gruppene, er samanfallet komplett. Med det meiner at dei har 100 % realisasjon av *sj*-varianten.


³² Denne varianten skriv eg med store bokstavar fordi det er dette han blir heitande i Talebanken. Eg vel å sjå denne varianten saman med *kj*-varianten, då den berre har to belegg. Begge belegga er i Tyssedal.

V7	sj	Kj	Tsj
O B ≠ O U	T	T	i.s.
O B ≠ T B	i.s.	i.s.	i.s.
O B ≠ T U	i.s.	i.s.	i.s.
O U ≠ T U	*	*	i.s.
O U ≠ T B	i.s.	T	i.s.
T B ≠ T U	i.s.	i.s.	i.s.

Tabell 25: Signifikans for V7

V7							
	sj		kj		TSJ		Sum
T B	61 %	(38)	37 %	(23)	2 %	(1)	100 % (62)
T U	80 %	(41)	18 %	(9)	2 %	(1)	100 % (51)
O B	85 %	(34)	15 %	(6)	0 %	(0)	100 % (40)
O U	44 %	(34)	56 %	(43)	0 %	(0)	100 % (77)

Tabell 24: Belegg i tal og prosent for v7 fordelt på grupper delt inn etter skuletrinn og heimstad



Figur 21: Intra-individuell variasjon for V7.

5.4 Samanfatning

Det kjem tydeleg fram at dei største endringane dei siste førti åra viser seg i tyssedalsmålet. Ut frå resultata over kan ein seie at dei største endringane som har skjedd sidan 1970-talet, viser seg i det personlege pronomen første person eintal (V1), nektingsadverbet (V2) og delvis presens av a-verb (V5). Samstundes kan vi sjå at *kj/sj*-samanfallet (V7) breier seg mellom dei unge både i Odda og i Tyssedal. Med unntak av nokre nye variantar, er V1 nokså stabil i Oddamålet, stabil er òg V2. Dei andre variablane, V3, V4, V6 har ikkje endra seg mykje, verken i Odda eller Tyssedal med unntak av enkelte nye variantar, samanlikna med resultata til Sandve. At språktrekk held seg stabile, er likevel eit funn, og trass stabiliteten er det likevel ein del variasjon både i og mellom dei to talemåla. Størst variasjon er det hos barneskuleelevarne i Tyssedal. Det viser seg i V2, V5, V7, og aller mest i V1 der gruppa varierer mellom mange variantar av det personlege pronomenet i første person eintal. Det er språkleg variasjon i alle gruppene, men ser vi på alle informantane frå Tyssedal under eitt, og alle informantane i Odda under eitt, viser det seg at det er noko meir variasjon i språkbruken i Tyssedal enn i Odda i fleire av variablane. V4 skil seg ut som ein variabel der det er mykje variasjon i Odda, men heller liten variasjon i Tyssedal.

5.5 Kjønn

Vedlagt (jf. vedlegg 5) ligg det eit oversyn over dei språklege variablane korrelerte med den sosiale variabelen kjønn. Oversynet viser to tabellar, ein for jenter og ein for gutter. I dei variablane som har to variantar har eg berre teke med realisering av den eine varianten i tabellen, då dei nødvendigvis komplimenterer kvarandre. For variablar med tre variantar eller fleire er alle tekne med i tabellen. Det er ikkje store skilnadar mellom språket til gutter og jenter i Odda og mellom gutter og jenter i Tyssedal, og som for dei to andre sosiale variablane har eg òg signifikanstesta desse resultata, men dei fleste språklege variablane er ikkje signifikante korrelerte med kjønn. Det er berre i Odda eg finn signifikante skilnadar mellom kjønn. Tabellen under, som då berre gjeld for Odda, viser kva variablar og variantar dette gjeld.

	V4 ai	V4 Ei	V6 a	V6 o
G ≠ J	*	**	T	*

Tabell 26: Signifikante resultat for kjønn

Tabellen viser at det i Odda er signifikante kjønnsskilnader i realisering av diftongen *ei* og svake hokjønn i bestemt form eintal. Tala i vedlegg 5 kan fortelje oss at det er jentene i Odda som held best på den tradisjonelle *o*-endinga, og at jentene på ungdomsskulen ikkje har førekomstar av *a*-ending. Vi må ta med at det berre er ein gut i gruppa for barneskulen i Odda, så tala i vedlegget gjeld berre han. Men ser vi på gutane i ungdomsskulegruppa, ser vi at dei har høgare førekomst av *a*-endinga enn jentene. Sjølv om skilnadane er små og tala baserer seg på få informantar, er det interessant å sjå at det jentene som held best på den tradisjonelle varianten. Om realisering av diftongen *ei*, kjem det fram av oversynet i vedlegg 5 at den vanlegaste forma både mellom gutter og jenter er den tradisjonelle *ai*-varianten, og det er gutane som held best på denne, medan jentene har noko høgare førekomst av *Ei*. Jentene i barneskulegruppa skil seg ut ved at den nye forma *Ei* er vanlegare enn *ai*.

Sjølv om det ikkje er signifikante skilnader mellom gutter og jenter i Tyssedal, vil eg trekke fram to variablar som likevel er interessante³³. Oversynet i vedlegg 5 viser eit skilje i bruken av nektingsadverbet mellom gutter og jenter i ungdomsskulealder. Det viser seg at gutane frå Tyssedal held godt på den tradisjonelle forma *ikke* når dei begynner på ungdomsskulen, medan det hos ungdomsskulejentene er om lag 30 % færre førekomstar av forma *ikke* enn hos barneskulejentene. Det ser ut som fleire av jentene i Tyssedal går over til *ikkje*, medan gutane held på *ikke*. I tillegg til nektingsadverbet vil eg her trekke fram endingsvokal i infinitiv, her er det nemleg gutane som beveger seg i retning oddamålet, medan jentene held på *e*-målet. Både gutane og jentene i barneskulen har 100 % treff på *e*-ending, det same gjeld for jentene på ungdomsskulen. Ser vi på gutane derimot, er det over 20 % førekomst av *a*-endring i infinitiv.

Samla sett kan vi sjå at skilnadane i språkbruken ikkje er så store mellom gutter og jenter, men dei skilnadane som er, kan likevel fortelje oss noko. Resultata viser at i enkelte variablar er det gutane som held på dei tradisjonelle formene, medan i andre variablar er det jentene som gjer det. Vi kan difor ikkje sjå det mønsteret som ofte viser seg i sosiolingvistikken, nemleg at det er jentene som først tek i bruk nye, gjerne meir standardnære, språktrekk, medan gutane held på det tradisjonelle.

³³ Det eg skriv i dette avsnittet, gjeld berre informantane frå Tyssedal.

5.6 Informantane ai eiga oppfatning av talemåla³⁴

Dialekt er noko alle har eit forhold til, rett og slett fordi vi alle har ei dialekt som vi nyttar kvar dag. Då eg gjekk gjennom alle intervjuene mine for å systematisere kva informantane sa om talemåla i Odda og Tyssedal, kom det fram at dei har eit medvite forhold til eige talemål. Eg stilte aldri informantane mine spørsmål om språk, men på spørsmål om kva som skil folk frå Odda og folk frå Tyssedal frå kvarandre, fann eg i alle intervjuene, unntatt eitt, at informantane meinte dei i grunnen var nokså like, bortsett frå språket deira, då. «Det er jo mest berre måten vi snakkar på eigentleg, elles er det meste likt», svara ein informant på spørsmålet. Men når dei så meiner at det er dialekten som i hovudsak skil dei, ville eg finne ut kva dei legg i dette. Eg søkte difor vidare i materialet, og fann at informantane er einige: Oddamålet omtalar dei som nynorsk og tyssedalsmålet som bokmål. Dei uttala seg på følgjande måte om desse skilnadane:

«Vi i Tyssedal snakkar bokmål, og dei snakkar som oftast nynorsk», svarar ein informant frå Tyssedal. Ein annan informant, som er frå Odda, seier: «Nokre av tyssedølingane snakkar litt sånn, dei snakkar litt bokmål». «Vi snakkar jo ikkje likt, dei snakkar bokmål der», meiner ein annan odding. Slike formuleringar finn eg mange av i materialet, og det ser ut som det er omgrepene bokmål og nynorsk som er dei vanlege å nytt når ein snakkar om dei språklege skilnadane. Vidare ville eg vite kva dei meinte med det dei sa, at dei snakkar bokmål i Tyssedal og nynorsk i Odda. I materialet fann eg at det vanlegaste dømet på å vise dette skiljet, er å vise til bruken av nektingsadverbet. «Eg er jo van med å seie *ikke* og dei seier jo *ikkje*, eller noko, det blir heilt feil», meiner ein informant frå Tyssedal. «Vi seier *ikke* og dei seier *ikkje*, eller vi byter jo om vi òg», forklarer ein annan informant frå Tyssedal som meiner at tyssedølane varierer litt mellom dei to variantane. I tillegg til nektingsadverbet nemner enkelte av informantane andre språktrekk, som *jeg* og *eg*, *mer* og *meir* og *da* og *då*, for å vise at dei i Tyssedal snakkar bokmål og i Odda nynorsk. Utover dette reflekterer informantane heller lite kring språket, og berre éin informant prøver seg på ei forklaring på kvifor dialektene har blitt så ulike. Han seier: «Det var jo, det må ha hatt noko med kraftutbygginga der ute [i Tyssedal]. Så då kom det jo folk i frå Oslo som busette seg der».

³⁴ Med tradisjonelt talemål meiner eg i dette avsnittet, og elles i oppgåva, dei dialektene som blei danna etter industrialiseringa. Tradisjonelle dialekter kunne òg ha vore dei dialektene som fans på stadane før industrialiseringa, dette blir omtalt som førindustrielt talemål.

Ut frå det eg har skrive over, meiner eg at det kjem tydeleg fram at det er ei kollektiv oppfatning mellom informantane om at det er talemålet som i støst grad er det som skil folk frå Odda og Tyssedal, og at omgrepa bokmål og nynorsk høver godt til å forklare dette skiljet.

Med artikkelen *Å snakke bokmål og å snakke nynorsk*³⁵, vil Randi Neteland (2013) bidra til at språkforskarar skal forstå kva informantar meiner når dei nyttar omgrepa ‘bokmål’ og ‘nynorsk’ om talemålet. Ho finn, ved å søke i sitt eige materiale frå Årdal og Sauda og frå tidlegare talemålsgranskingar, at informantane ikkje alltid meiner det same med omgrepa bokmål og nynorsk. Eit av dei viktigaste funna, skriv Neteland (2013), er at bokmål ikkje berre blir nytta om oslomål/austlandsk, men òg om bymål og moderne versjonar av bymål på Vestlandet. I tillegg finn ho at talemål som får merkelappen bokmål, ofte har ein del språktrekk som er typiske for skriftspråket bokmål, og det same gjeld då for talemål med merkelappen nynorsk og skriftspråket nynorsk. Dette funnet kan stemme med utsegna frå informantane i granskinga mi. Tyssedalsmålet, i alle høve tradisjonelt tyssedalsmål, har ein del trekk som fell saman med skriftspråket bokmål, og oddamålet på den andre sida har typiske trekk som fell saman med skriftspråket nynorsk. Det som kanskje er påfallande i granskinga mi, og som skil seg frå Neteland sine funn, er at bokmål her refererer til *bygdemålet* i Tyssedal, medan nynorsk referer til *bymålet* i Odda, dette viser seg oftast å vere omvendt. I tillegg er det slik i Odda og Tyssedal at nynorsken kan seiast å ha høgare prestisje enn bokmål, dette er heller ikkje norma i funna til Neteland.

Sjølv om dette ikkje er noka folketingvistisk undersøking, er det interessant å sjå på kva informantane sjølve seier om eige talemål. Påfallande er det i alle høve at dei alle er av same oppfatning, og at nesten alle, utan direkte spørsmål om talemålet, kommenterer nettopp det. Eg valde bevisst å ikkje stille direkte spørsmål som gjekk på talemål eller dialekt, då det kunne påverke språket deira i opptakssituasjonen, men som sagt kom alle inn på dette sporet likevel. Rune Røsstad skriv i si doktoravhandling, *Den språklege røynda. Om oppfatta og realisert talemål i austre Vest-Agder*, at når vi snakkar om språk, uttrykker vi korleis verda ser ut for oss, eller korleis vi ønsker at verda skal sjå ut (Røsstad 2005: 39). Det er tydeleg at informantane har ei meining om korleis «verda» ser ut, eller i alle høve har dei ei formeining om korleis talemålet deira er, eller korleis dei ønsker at det skal vere. Sjølv om informantane ikkje reflekterer så mykje kring kva dei meiner med «å snakke bokmål» og «å snakke

³⁵ Manus til upublisert artikkel.

nynorsk», er det tydeleg at dei er av den oppfatninga at noko skil dei to talemåla frå kvarandre.

6. DRØFTING AV RESULTAT

6.1 Inngang

I dette kapittelet diskuterer eg resultata mine i lys av sosiolingvistisk teori og prøver å kaste lys over hypotesane og finne svar på forskingsspørsmåla mine ved å forklare kva årsaker som ligg bak språkendringane, og i tillegg forklare i kva retning språket endrar seg.

6.2 Åraakaforklaringar

Det er ulike faktorar som verkar inn på språkendringa, og ofte er det mange faktorar som verkar saman. Vi har alt sett at årsaksforklaringane kan ligge i språket sjølv eller kring språket, i form av indre og ytre faktorar. Sjølv om vi ikkje sikkert kan vite kva faktorar som har verka inn og forårsaka dei endringane vi finn, kan vi likevel sjå om nokre av dei indre eller ytre faktorane høver betre som årsaksforklaring enn andre. Ifølgje Papazian er det dei ytre faktorane som er utløysande for at ei endring skal finne stad, og i det følgjande vil eg først ta føre meg dei ytre faktorane som eg meiner kan vere med og forklare endringane i talemålet i Odda og Tyssedal. Deretter vil eg på same måte prøve å forklare kvifor enkelte språktrekk held seg meir stabile enn andre.

6.2.1 Språktrekk i endring

I førre kapittel såg vi at dei største endringane viser seg i tyssedalsmålet, og at det personlege pronomenet i første person eintal og nektingsadverbet er dei språktrekka der endringa viser seg best. Dette er i seg sjølv interessant, då dette er markerte språktrekk som, som Sandøy skriv, kan ha ein solidaritetsmarkør. At markerte språktrekk endrar seg, tyder gjerne på påverknad frå andre talemål med andre variantar av dei same språktrekka. Her kan nok oddamålet, med andre variantar enn tyssedalsmålet, sjåast på som ein påverkande faktor.

Tidlegare har eg vore inne på at ungdom er viktige språklege innovatørar. Det er ofte hos dei unge at endringane startar, og deretter spreier endringane seg til andre grupper og generasjonar språkbrukarar. Dette skjer gjerne fordi dei unge reiser til sentrum for til dømes å gå på skule, og deretter tek med seg nye språktrekk tilbake til periferien. Vi kan sjå på Odda som sentrum og Tyssedal som periferi, og tenke oss at ungdomane som går på skule i Odda tek med seg nye ord og språktrekk tilbake til Tyssedal. Noko av årsaka til at språket endrar seg i dette møtet mellom ungdomane, trur eg kan ligge i *identifiseringsfunksjonen til språket*.

Gjennom språket kan vi identifisere oss med andre menneske og andre grupper og på den måten føle at vi vinn innpass hos dei. At dei unge prøver å passe inn i ulike grupper, både på skulen og fritida, og følgje ulike normer, fører gjerne til at språket endrar seg. Ved dialektkontakt, og særleg kontakt mellom unge, er språket vårt ein viktig identitetsmarkør. Det er òg mange vaksne som jobbar i Odda, men bur i Tyssedal, dei kan òg verke som språklege innovatørar, sjølv om det gjerne er ungdom som er dei fremste språkendringsagentane i samfunnet.

Ein annan faktor som nok spelar inn på språkendringane i Odda og Tyssedal, er *betra kommunikasjon*. Betra kommunikasjon kan kanskje forståast på fleire måtar, som til dømes at vi stadig blir meir tilgjengelege ved hjelp av mobiltelefon og tilgjengeleghet på sosiale medium, samstundes som vi må forstå kommunikasjon som ein menneskeleg kontakt. Betra kommunikasjon fører til at menneske er meir i kontakt med kvarandre enn før. Og eg trur det er dette Papazian meiner når han skriv at betra kontakt fører til språkkontakt, og i andre omgang til språkendring. I alle høve er det slik eg vel å sjå på det her, for å vise korleis auka kontakt mellom folk frå Odda og Tyssedal kan vere med og forklare korleis språket endrar seg. Ungdom frå Odda og Tyssedal er i dagleg kontakt, både på skulen og fritida. Det var først på slutten av 1960-talet at elevar frå Tyssedal fekk obligatorisk skulegang i Odda (Sandve 1976). Sjølv om ordninga med ungdomsskule var ny då Sandve gjorde undersøkinga si, gjekk ungdomane frå Tyssedal altså på skule i Odda då som i dag. Likevel trur eg ikkje at språket endra seg så mykje som følgje av skuleordninga på dei få åra det er snakk om frå skulestrukturen endra seg til Sandve samla inn sine talemålsdata. I dag, derimot, har ordninga med obligatorisk ungdomsskule vore gjeldande i over førti år, og det er difor meir truleg å tenke seg at denne kontakten kan vere ei av årsakene til at språket endrar seg. Denne kontakten, eller auka kommunikasjonen, kan vi sjå i samanheng med akkommadasjonteori, nemleg at kontakt mellom gjensidig forståelege varietetar kan føre til endringar i språket.

6.2.2 Akkommadasjon

Når vi er i kontakt med andre språkbrukarar, kan dette påverke måten vi snakkar på, og vi kan tilpasse oss den eller dei vi er i kontakt med. Ungdomsskuleinformantane mine er i kontakt med kvarandre kvar dag, og akkommadasjon må seiast å vere ei naturleg forklaring på kvifor enkelte språktrekk endrar seg. At ein tilpassar seg andre språkbrukarar, bevisst eller ubevisst, for å oppnå sosial godkjenning eller gruppetilhørsle, høver godt som forklaring på kvifor ungdomsskuleelevar akkommoderer. Sjølv om ikkje alle språktrekka eg har undersøkt nærmare

seg kvarandre like mykje, handlar tilpassingsteorien òg om å divergere. Det kan vere at ungdomane legg vekt på enkelte markerte språktrekk nettopp for å markere kvar dei er frå. Akkommadasjonsteorien forklarer òg at det gjerne er den varieteten med lågast prestisje som nærmar seg eller tilpassar seg den med høgast prestisje. Sjølv om informantane mine ikkje uttalte noko om prestisje, kan vi kanskje tenke oss at dersom eitt av talemåla kan seiast å ha høgare prestisje enn det andre, vil dette moglegvis vere oddamålet då dei har flest språkbrukara og i tillegg er bymålet i området. Ser vi på det slik, kan vi kanskje nytte akkommadasjonsteorien sitt syn på prestisjeformer som ei forklaring på kvifor det er formene i tyssedalsmålet som ser ut til å måtte vike til fordel for formene vi finn i Odda.

I tillegg må vi knyte dialektkontakten opp mot *majoritetsprinsippet*. Det er tydeleg ut frå resultata mine at det er talemålet i Tyssedal som nærmar seg talemålet i Odda og ikkje omvendt, og at det er talemålet i Tyssedal som har endra seg mest sidan 1976. Dette kan kanskje forklarast med majoritetsprinsippet, som går ut på at det er den varieteten med flest språkbrukarar som gjerne dominerer i ein kontaktsituasjon, og det resulterer ofte i at det er språktrekka til majoriteten som vinn fram. Dette prinsippet gjorde seg gjeldande i Odda og Tyssedal etter industrialiseringa då koinéane blei forma, og eg meiner det gjer seg gjeldande i dialektkontakten mellom dei to talemåla i dag.

6.2.3 Stabile apråktrekk

Eg har no diskutert kva som kan vere årsakene til dei endringane som viser seg i Odda og Tyssedal. Det er likevel ein del av dei språklege variablane som eg har valt ut, som ikkje har endra seg mykje sidan 1976. Eg vil på same måte som over prøve å finne svar på kvifor desse språktrekka ikkje endrar seg like fort. Noko av grunnen trur eg kan vere opplæringsmålet i skulen. Sandøy nemner *skriftspråk* som ein ytre faktor som kan forklare språkendring. I Tyssedal er opplæringsmålet bokmål og i Odda både bokmål og nynorsk. Alle informantane mine frå Tyssedal har halde på bokmål som opplæringsmål òg etter at dei starta på ungdomsskulen. Dei aller fleste av informantane mine frå Odda har nynorsk både på barne- og ungdomsskulen, og slik dei forklarte det, var dette det mest vanlege. Det var fleire nynorskklassar enn bokmålsklassar på ungdomsskulen, noko som fortel at det er overvekt av elevar som har nynorsk som hovudmål der. Det vil ikkje berre seie at informantane har ulike opplæringsmål, men dei går òg i ulike klasser delt inn etter om dei vel bokmål eller nynorsk. Likevel forklarer informantane at alle kjenner alle, og på fritida er dei mykje saman

uavhengig av heimstad og skuleklasse. I teorikapittelet viste eg til Sandøy som meinte at skriftspråket kan vere ein påverkande faktor til at språket endrar seg. Eg meiner at skriftspråket i denne samanheng kan vere med å forklare at språket i Odda og Tyssedal ikkje har endra seg meir enn det har gjort dei siste førti åra. Kanskje kan skilnaden i opplæringsmål, bokmål i Tyssedal og bokmål og nynorsk i Odda, vere med på å forklare at det framleis er eit tydeleg skilje mellom dei to talemåla, eit skilje som informantane nyttar nettopp omgrepa nynorsk og bokmål for å forklare.

6. 3 Skulen aom apråklegaoaialiaeringafaktor

At skulen og skulekameratar kan fungere som ein språkleg sosialiseringfaktor, er ikkje ukjent. I det følgjande vil eg diskutere i kva grad dette gjer seg gjeldande for informantane i denne granskinga, og i kva grad vi kan sjå at elevane på ungdomsskulen blir påverka av kvarandre. Eg ville prøve å finne ut om elevane på ungdomsskulen blei påverka av språket til kvarandre, då dei møter språkbrukarar med ulike dialekter der i større grad enn det barneskulelevane gjer. Ut frå det som står ovanfor om akkommodasjon og majoritetsprinsippet, er det mest tenleg å sjå på i kva grad ungdomsskulelevane frå Tyssedal skil seg frå barneskulelevane, for å avgjere om vi gjennom språket kan sjå at dei, ungdomsskulelevane, tilpassar seg språket til klassekameratane sine på skulen i Odda. Sjølv om eg kanskje hadde trudd at det skulle synast betre i resultata, vil eg seie at det tenderer mot at dei eldste informantane i Tyssedal tek til seg former frå Oddamålet i større grad enn barneskulelevane. Den sosialiseringa som skjer på skulen og alle dei instansane elevane må forholde seg til, påverkar åtferda deira og på same tid då språket deira. Eg har vore inne på at barn i skulealder er lett påverkelege og at dei i stor grad kan seiast å vere språklege katalysatorar som tek med seg nye språktrekk frå sentrum ut til periferien.

Elevane er alt tolv år idet dei begynner på ungdomsskulen, og tenker vi på den kritiske perioden for språkinnlæring, så er han så godt som over då. Spørsmålet er om endringane i språket til skulelevane hadde endra seg meir, dersom dei gjekk i lag på skule frå første klasse. Språket deira er ikkje like etablert i den alderen og dei lèt seg gjerne på verke av kvarandre i større grad. Eg skriv dette fordi det kan vere ei reel problemstilling om nokre år. Ein snakkar nemleg i Odda kommune om å legge ned barneskulen i Tyssedal, og då vil tyssedølane måtte reise til Odda for å gå på skule i vesentleg lågare alder enn i dag. Det blir sjølv sagt spekulasjonar frå mi side å lure på om dette vil gi utslag i talettalet, men likevel

nemner eg at alder kan vere utslagsgivande for at informantane, relativt sett, held så godt på språket sitt dei tre åra på ungdomsskulen.

6.4 Reaultat i høve til ungdomane aine eigne oppfatningar

Oppfatningane ungdomane har, er at talemålet i Odda skil seg frå talemålet i Tyssedal, og dei forklarer at oddamålet *er* nynorsk og tyssedalsmålet *er* bokmål. Ein finn fleire språktrekk som er typiske for austnorske talemål i Tyssedal enn i Odda, sjølv om desse var meir frekvente før. Ser vi til dømes på det personlege pronomenet i første person eintal (V1), ser vi at dei tradisjonelle formene i Tyssedal med *j* i framlyd stort sett er bytte ut med formene utan *j*. Men nektingsadverbet, derimot, held seg godt med den austnorske forma *ikke* i Tyssedal. *E*-målet i Tyssedal er ikkje nødvendigvis eit austnorsk trekk, då dette er utbreidd i fleire dialekter på Vestlandet, men likevel skil det seg frå Odda og resten av Hardanger som har *a*-mål. At ungdomane av den grunn tenker på *e*-målet som *bokmål* og *a*-målet som *nynorsk*, på same måte som dei ser på *ikke* og *ikkje* som ein slik markør, ser eg ikkje på som umogleg. Sjølv om noko av det informantane legg vekt på når dei skildrar skilnaden mellom dei to talemåla, ikkje stemmer heilt med den realiserte talen, har dei i alle høve rett når dei påstår at dei to talemåla skil seg frå kvarandre. At nesten alle informantane trekker fram skilnadane mellom talemåla i Odda og Tyssedal, fortel meg at dette er noko dei er medvitne om. Det kan òg tyde på at dei ulike dialektene er noko som opptek folk, og er noko innbyggjarane snakkar om, då alle fortel om dette på om lag same måten.

6.5 I kva retning endrar apråket aeg?

Dei to talemåla nærmar seg kvarandre mest i V1 og V2, og dette stemmer overeins med det Sandve finn. Utjamning skjer, som Sandve skriv, men dei to talemåla er framleis ulike. Sjølv om det går mot utjamning, er det framleis mykje som skil dei to dialektene. At det er tyssedalsmålet som nærmar seg oddamålet, og ikkje omvendt, kan seie oss noko om i kva retning språket endrar seg. Om vi ser på Odda som eit regionssenter, kan det vere tale om regionalisering der dialektene rundt Odda blir meir og meir like kvarandre. Sidan eg berre har studert tyssedalsmålet, og ikkje andre dialekter rundt Odda, kan eg ikkje seie om denne utjamninga skjer i resten av regionen eller om dette berre er ein tendens mellom Odda og Tyssedal. Eg har tidlegare vore inne på både fordelar og ulemper ved å nytte ungdomsspråk som indikator på språkendring. Faren for aldersavgrensing er størst i denne gruppa

språkbrukarar, og eg må difor ta høgde for at enkelte av språktrekka ungdomane nyttar seg av i dag, ikkje nødvendigvis vil vere ein del av talemålet deira når dei blir eldre. Eg har alt argumentert for at dei endringane som skjer i Odda og Tyssedal, må sjåast i samanheng med kontakten som er mellom dei to dialektene. Eg viser til Røyneland sin påstand om at aldersavgrensing ikkje er like utbreidd når språkendringane skjer som følgje av nettopp dialektkontakt, og meiner difor at resultata mine kan vere ein peikepinn på kva retning språkendringa tek. Sandve konkluderte i 1976 med at det går mot språkleg utjamning mellom Odda og Tyssedal, og denne tendensen ser vi framleis. Likevel er det fleire språktrekk som ikkje har endra seg i særleg stor grad sidan Sandve undersøkte dei (jf. V3, V4 og V6).

6.6 Merke etter induatrialiaeringa

Sjølv om koinéformingsprosessen er ferdig, og dialektene i Odda og Tyssedal i dag er etablerte, kan vi framleis sjå spor etter industrihistoria både i språket og i samfunnet. Når det gjeld språket, viser slike spor seg i ulike språktrekk i dialektene, då ofte som mellomformer som viser seg som ei blanding av dei ulike dialektene som var i kontakt. Mellomformer er gjerne former som blir danna som eit slags språkleg kompromiss, og som kan resultere i former som ikkje var i nokon av dei møtande talemåla. Som døme på ei slik mellomform vil eg trekke fram det personlege pronomenet i første person eintal. I både Odda og Tyssedal nyttar ungdommane i dag fleire variantar av denne variabelen, og formene *e* og *je* kan sjåast som slike mellomformer som har vokse fram ved språklege kompromiss. Forme *e* blir nytta både i Odda og Tyssedal, medan varianten *je* berre viser seg i Tyssedal. Dette kan sjåast som mellomformer mellom variantane *eg* og *jeg*.

At dialektene i Odda og Tyssedal har vore gjennom ein koinéformingsprosess viser seg òg, meiner eg, i det at vi i dag framleis finn to så ulike talemål innanfor eitt og same område. Framleis viser det ulike «blandingsforholdet» mellom innflyttarane seg, ved at dei to talemåla i fleire språklege variablar skil seg frå kvarandre. Sjølv om skilnadane ikkje er like store som dei ein gong var, meiner eg at dei skilnadane som er å finne i dag, tydeleg kan fortelje oss noko om historia til industristadtalemåla. I alle høve kan det fortelje oss noko om kven som kom flyttande, og kva for ulike talemål som ein gong kom i kontakt med kvarandre og var med på å danne desse «blandingsdialektene» eller koinéane som vi finn på industristadane.

Alt i pkt 4.7.2 viste eg til at dialektene i Odda og Tyssedal kan seiast å vere etablerte i dag, og at dei var i ferd med å bli det allereie i 1976. Eg meiner koinéformingsprosessen må seiast å vere over. Mange av variablene mine viser at fleire av språktrekka er stabile i dag, og at det ikkje er mykje variasjon, eller språkleg kaos, mellom informantane. Sjølv om enkelte språktrekk er prega av meir variasjon enn andre, er dette likevel ikkje uttrykk for språkleg kaos på den måten vi finn det i ein koinéformingsprosess, men heller uttrykk for «vanlege» dialektendringar.

6.7 Reaultat i høve til hypoteaane

1. Det er meir språkleg fokus i oddamålet enn i tyssedalsmålet.

Det ser ut til at det er meir fokus i talemålet i Odda enn i Tyssedal, særleg viser dette seg i den yngste gruppa informantar i Tyssedal. I fleire av variablene kjem det fram at variasjonen i denne gruppa er større enn i dei tre andre gruppene. Likevel gjed ikkje dette alle variablene, då informantane i Odda har ein større variasjon i realiseringa av diftongen *ei* enn det informantane frå Tyssedal har.

2. Det er meir språkleg fokus mellom ungdomsskuleelevar enn mellom barneskuleelevar.

I Tyssedal kan det seiast å vere noko meir språkleg fokus mellom ungdomsskuleelevane enn mellom barneskuleelevane, for som vi såg over, er barneskulegruppa i Tyssedal den gruppa der vi finn mest språkleg variasjon. Då dette kan vere med å vise at ungdomsskuleelevane nærmar seg oddamålet i større grad enn barneskuleelevane, er dette berre ein tendens og heller ikkje gjeldande for alle variablene.

3. Det går mot språkleg utjamning mellom Odda og Tyssedal slik Sandve indikerer.

Utjamning skjer, men kanskje ikkje i like stor grad som Sandve indikerer. Dei to talemåla er framleis nokså ulike kvarandre, sjølv om det kjem fram av resultata at enkelte språktrekk nærmar seg kvarandre meir enn andre. At det er tyssedalsmålet som nærmar seg oddamålet, kan sjåast som eit uttrykk for språkleg regionalisering, dersom vi tenker oss at Odda er eit regionssenter i Hardanger. Då må vi i alle høve kunne tenke oss at det ikkje berre er mellom Odda og Tyssedal at denne utjamninga skjer, men òg at fleire av bygdene rundt nærmar seg oddamålet.

4. Det er liten språkleg skilnad mellom jenter om gutter.

At det ikkje er store språklege skilnadar mellom kjønna, kom eg fram til i førre kapittel. Både i Tyssedal og Odda finn ein skilnadar mellom gutter og jenter, men signifikante skilnadar berre i Odda. I sosiolinguistiske granskningar har det vist seg at det ofte er gutane som held på dei tradisjonelle formene, men resultata mine viser at dette varierer frå variabel til variabel. At det ikkje er eit klårt mønster som til dømes seier at gutane held på tradisjonelle former, medan jentene ikkje gjer det, kan forklarast med at kjønnsskilnadane i kvardagen til ungdomane elles ikkje er særleg store, og at ingen av gruppene difor treng å markere status gjennom språkbruk.

7. AVSLUTNING

Målet med dette prosjektet er å vise diakron endring og synkron variasjon i talemåla i Odda og Tyssedal, i tillegg til å finne svar på om skuleungdom frå dei to industristadane nærmar seg kvarandre språkleg. Innleiingsvis skisserte eg fem forskingsspørsmål, og desse har eg gjennom drøftinga funne svar på. Eg har gjort greie for den diakrone variasjonen dei siste førti åra, samt vist den synkrone variasjonen som er å finne i dag. Endringane viser seg først og fremst i tyssedalsmålet ved at det i enkelte språklege variablar nærmar seg talemålet i Odda. Variablane der desse endringane viser seg tydelegast, er V1, det personlege pronomenet i første person eintal, og V2, nektingsadverbet. At det er variasjon mellom dei to talemåla, er ikkje uventa, og størst variasjon er det å finne i V3, endingsvokal i infinitiv, og V6, bestemt for eintal av svake hokjønn, der informantane held godt på dei tradisjonelle formene. Eg har òg gjennom drøftinga forklart kva som kan vere årsakene til at talemåla endrar seg slik dei gjer, og kome frå til at mellom anna tilpassing, auka kommunikasjon og identitet kan fungere som årsaksforklaringar. I tillegg har eg sett på korleis skulen og skulekameratar må forståast som ein språkleg sosialiseringinstans der elevane tilpassar seg både språkleg og sosialt, i tillegg til at dei møter ulike normer dei må forholde seg til.

Eg har òg vore inne på at språket kanskje ikkje har endra seg i så stor grad som eg trudde på førehand. Forklaringane kan ligge i at informantane har ulike opplæringsmål og at elevane går i sju år på kvar sin barneskule før dei kjem saman på ungdomsskulen. Desse sju åra kan ha mykje å seie for etableringa av språksystemet deira, og dei blir kanskje påverka i mindre grad enn dei ville blitt dersom heile skulegongen var felles for elevar frå Odda og Tyssedal. Likevel nærmar talemåla seg, og tendensen er at ungdomsskuleelevarne frå Tyssedal nærmar seg oddamålet i noko større grad enn barneskuleelevarne frå Tyssedal, og det var dette eg ville finne om stemde ved å undersøke talemålet til elevar på ulike klassetrinn og på ulike skular.

At dei to talemåla framleis er relativt ulike kvarandre er med på å fortelje historia om då industrien og innflyttarane kom til Odda og Tyssedal. To ulike talemål etablerte seg som resultat av mangedoblinga i folketalet på starten av 1900-talet, og dette ser vi framleis tydelege spor av i dag. Både talemåla og industristadane fortel i dag ei historie om den gongen industrien blei etablert i Hardanger, og små bygder blei omdanna til moderne samfunn.

LITTERATURLISTE

- Akselberg, Gunnstein (1997) Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*. Alma Mater, Bergen. (S23–34).
- Akselberg, Gunnstein (2001) Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet. Om talemålet si stode i det norske samfunnet ved tusenårsskiftet. I *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*. Red. Elisabeth Bakke og Håvard Teigen. Det norske samlaget, Oslo. (S.188 – 217).
- Akselberg, Gunnstein (1995) *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. En analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein og Mæhlum, Brit (2008) Metode. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo. (S. 73–87).
- Berggreen, Harald og Tennfjord, Kari (1999) *Andrespråkslæring*. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.
- Brodersen, Randi Benedikte (2000) Det kvalitative telefoninterview og andre interviewmetoder i sociolingvistikken. I *Målbyting. Skrifter fra prosjektet Talemålsendring i Noreg*, nr. 4, 2000. Red. Gunnstein Akselberg. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. (S. 89–114).
- Bjørkum, Andreas (1968) *Årdalsmålet hjå elder og yngre*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Dencik, Lars og Schultz, Per Jørgensen (1999) Samfundsforandring og opvækstvilkår. I *Børn og familie i det postmoderne samfund*. Red. Lars Dencik og Per Schultz Jørgensen. Hans Reitzels Forlag, København.
- Eckert, Penelope og McConnell-Ginet, Sally (2003) *Language and Gender*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Grønmo, Sigmund (1982) Forholdet mellom kvalitative og kvantitative metoder I samfunnsforskningen. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Red. Harriet Holter og Ragnvald Kalleberg. Universitetsforlaget, Oslo. (S.94–122).
- Haugen, Ragnhild (2004) *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Hanssen, Eskil (2010) *Dialekter i Norge*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Hasund, Ingrid Kristine (2006) *Ungdomsspråk*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Jahr, Ernst Håkon (1990) *Den store Dialektboka*. Novus Forlag, Oslo.

- Kolltveit, Olav (1962) *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid*. Bygdesoga bind II, Odda, Ullensvang og Kinsarvik Bygdeboknemnd
- Kerswill, Paul (2002) Koineization and Accommodation. I *The handbook of Language Variation and Change*. Red. J.K Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Blackwell Publishing. (S. 669–706)
- Kerswill, Paul og Trudgill, Peter (2005) The birth of new dialects. I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*. Red. Peter Auer, Frans Hinskens og Paul Kerswill. Cambridge University Press, Cambridge. (S.196–220)
- Kristoffersen, Gjert (1980) *Dialektutvikling hos skolebarn. En undersøkelse av forbindelser av vokal + r i talemålet til skolebarn i Arendal*. Novus, Oslo.
- Labov, William (1972) *Sociolinguistic Patterns*. University of Pennsylvania Press, Philadelphia.
- Labov, William (1994) *Principles of Linguistic change. Volume 1: Internal Factors*. Blackwell, Oxford UK og Malden USA.
- Labov, William (2001) *Principles of Linguistic change. Volume 2: Social Factors*. Blackwell, Oxford UK og Malden USA.
- Larsen, Ann Kristin (2006) Barnet i samfunnet. I *Barn og unges læringsmiljø 2 – med vekt på sosialisering, lek og tospråklighet*. Red. Richard Haugen. Høyskoleforlaget, Kristiansand.
- Myklebust, Elinn Devold (2012) *Årdalsdialekten – ein koiné? Ei sosiolinguistisk granskning av talemålet i Årdal 65 år etter industriutbygginga*. Mastergradsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Brit (1996) Norsk og nordisk sosiolinguistik – En historisk oversikt. I *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Red. Carol Henriksen et al. Novus Forlag, Oslo. (S. 175–224)
- Mæhlum, Brit (2008) Normer. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.
(S. 90–103)
- Neteland, Randi (2013a) *Å snakke bokmål og å snakke nynorsk*. Upublisert artikkel [manus].
- Neteland, Randi (2013b) *Industristedtalemål og dialektendringskal*. Skal publiserast i NLT nr 2 2013 [i trykken].
- Papazian, Eric og Hellan, Botolv (2005) *Norsk Talemål. Lokal og sosial variasjon*. Høyskoleforlaget, Oslo.

- Papazian, Eric (2007) Indre og ytre årsaker til språkendring – ei drøfting. I *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Red. Gunnstein Akselberg og Johan Myking. Novus forlag, Oslo. (S. 161–168)
- Rowntree, Derek (1981) *Statistics without tears. An introduction for non-mathematicians.* Penguin books, London.
- Røsstad, Rune (2005) *Den språklege røynda. Om oppfatta og realisert talemål i austre Vest-Agder.* Doktoravhandling ved Høgskolen i Agder, Fakultet for humanistiske fag, Kristiansand.
- Røyrane, Eva (2011) *Fabrikkbyane i Hardanger. Husa i industrilandskapet.*
- Røyneland, Unn (2001) Aldersavgrensing og ungdom som språkendringsagentar. *IMålbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg*, nr. 5, 2001. Red. Gunnstein Akselberg. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. (S. 85–112)
- Røyneland, Unn (2008) Språk og dialekt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo. (S. 15–46)
- Sandve, Bjørn-Helge (1976) *Om talemålet i industristadane Odda og Tyssedal.* *Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra.* Hovudfagsoppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge (1990) Vestlandet – der fjordane batt folket saman. I *Den store Dialektboka*. Red. Ernst Håkon Jahr. Novus Forlag, Oslo. (S. 68–88)
- Sandøy, Helge (1996) *Talemål.* Novus Forlag, Oslo.
- Sandøy, Helge (1992) *Norsk og nordisk dialektkunnskap.* Novus forlag, Oslo.
- Sandøy, Helge (2000). Utviklingslinjer i moderne norske dialektar. I *Folkmålsstudier: Meddelanden från Föreningen för nordisk filologi*. Nr. 39. Föreningen, Åbo. (S. 345–384)
- Sandøy, Helge (2008a) Språkendring. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo. (S. 296–219)
- Sandøy, Helge (2008b) Kontakt og spreiling. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo. (S. 221–240)
- Skjekkeland, Martin (2005) *Dialektar i Noreg – Tradisjon og fornying.* Høyskoleforlaget, Kristiansand.

- Skjekkeland, Martin (2009) *Språk og samfunn i endring Ein studie av tilhøvet mellom local identitet og talemålsutvikling*. Novus Forlag, Oslo.
- Solheim, Randi (2006) *Språket i smeltegryta. Sosiolinguistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*. Doktorgradsavhandling ved NTNU, Trondheim.
- Swann, Joan, Demeurut, Ana, Lills, Theresa og Mesthire, Rajend (2004) *A Dictionary of sociolinguistics*. The University of Alabama Press, Alabama.
- Trudgill, Peter (1992) *Introducing language and society*. Penguin English, London.
- Trudgill, Peter (1986) *Dialects in Contact*. Blackwell, Oxford.
- Venås, Kjell (1982) *Mål og miljø*. Novus forlag, Oslo.

Nettressursar

Hordaland fylkeskommune, tilgjengeleg frå:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Kommunedora/Kommunar-i-Hordaland/> [lasta: 19.03.2013]

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) , tilgjengeleg frå:

<http://ndla.no/en/node/28559> [lasta: 27.04.2013]

Nygaard, Vigdis (2012) *En analyse av boligmarkedet i Hardangerkommunene*.

http://flyttihardanger.no/attachments/278_Analyse%20av%20bustadmarknaden,%202012.pdf [lasta: 14.05.2013]

Språkutvikling på industristader

<http://www.uib.no/fg/forsk/prosjekter/prosjektoversikt/spraakutvikling-paa-industristader> [lasta: 19.03.2013].

Talemål på nettet, tilgjengeleg frå:

<http://dialekt.uib.no/> [lasta: 25.04.2013]

Avis

Mæland, Pål Anders (2013) Hordalandskysten lokker hundretusener. I *Bergens Tidende*. 24.02.2013. (S. 6–8).

VEDLEGG

VEDLEGG 1

FØRESPURNAD OM DELTAKING I FORSKINGSPROSJEKT

Industristadprosjektet ved Universitetet i Bergen studerer språkbruk og haldning til språk på fire utvalde industristader på Vestlandet. Til denne granskinga ønskjer vi å ha samtale med nokre innbyggjarar i Odda og Tyssedal. Samtaleemna vil vere fritid, skule og heimstaden. Det blir gjort opptak under samtalen, som vil ta omlag ein time. Samtalen vil bli gjort med to og to personar samtidig. Einaste kravet vi set når vi vel ut folk til samtalar, er at dei har minst ein forelder frå Odda eller Tyssedal.

Det er frivillig å vere med, og ein kan trekkje seg utan grunngiving når som helst undervegs inntil prosjektet er ferdig våren 2013. Viss du trekkjer deg, blir namn og andre opplysningar sletta frå arkivet vårt.

Vi gjer berre språklege analysar, men på grunn av det offentlege regelverket blir opptaka av samtalen behandla som konfidensielt materiale, og ingen enkeltpersonar skal kunne kjennast igjen i rapportar frå studien. Namnet på deltakaren og ev. namn på andre personar blir endra til talkodar ved behandlinga av materialet. Materiale og kodesystem blir lagra på ulike stader. Personane som har tilgang til materialet har teieplikt. Etter prosjektslutt ønskjer vi å lagre intervjuaterialet på ubestemt tid i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen. Materialet kan bli brukt i tilsvarende studiar seinare.

Dersom ditt barn er villig til å stille opp, er det fint om du skriv under på samtykkeslippen nedanfor og at den blir tatt med til samtalen.

Viss det er noko du lurer på, kan du ringe meg eller rettleiaren min, eller sende oss ein e-post. På førehand tusen takk!

Med venleg helsing

Randi Ødegård, masterstudent Rettleiar Gunnstein Akselberg, professor

Tlf. 41459641 Tlf. 55582406

E-post: roe040@student.uib.no E-post: Gunnstein.Akselberg@lle.uib.no

Til *Industristadprosjektet*

Samtykkeerklæring:

Eg har fått informasjon om prosjektet, og godtek at _____ kan vere med i samtale i september/oktober 2012, og at denne samtalen blir brukt i forskingssamanhangar som er nemnt i skrivet over, og oppbevart i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen.

Dato: ____ / ____ -2012

Underskrift.....

VEDLEGG 2

Intervjuguiden hadde eg med til alle intervju som eit verkty, eg nytta denne på ingen måte slavisk. Dei fleste spørsmåla nedanfor er likevel del av alle intervjeta.

Intervjuguide

Korleis er det å gå på skule i Odda/Tyssedal?

Har de eit favorittfag? Kvifor?

Kva er det verste faget? Kvifor?

Kva gjer de i friminutta? (kanskje elevane kan lære meg noko)

Korleis vil de beskrive ein typisk Odding/Tyssedøl?

Korleis er det å bu i Odda/Tyssedal?

Kan de beskrive litt korleis det er å vekse opp her?

Kva gjer de på fritida? (kanskje elevane kan lære meg noko)

Er det noko forskjell mellom folk frå Odda og folk frå Tyssedal?

Har det lyst å bli buande i Odda/Tyssedal når de blir eldre?

- Kvifor? Kvifor ikkje?


Kor ofte er de i Odda/Tyssedal?




- Kva gjer de der?

- Har dei noko der som de ikkje har i Odda/Tyssedal?

VEDLEGG 3

Dei to bileta nedanfor er nesten identiske, men informantane skulle finne åtte feil, altså åtte ting som skil det eine frå det andre.





VEDLEGG 4

Vedlegget er eit oversyn over belegg for kvar variant i kvar variabel på individnivå.

Belegg i tal på individnivå for V1.1					
V1.1	Li02:eg-sv	Li02:ei-sv	Li02:e-sv	Li02:je-sv	Li02:jei-sv
Informant					
1	15	0	19	0	0
2	8	3	17	1	0
3	8	0	12	0	0
4	7	0	13	0	0
5	15	1	26	0	0
6	18	2	14	1	0
7	4	0	13	0	0
8	12	0	11	0	0
9	27	0	20	0	0
10	9	0	9	0	0
11	21	0	24	1	0
12	3	0	11	0	0
13	32	1	27	0	0
14	6	0	12	0	0
15	21	0	21	0	0
16	3	0	14	0	0
17	3	1	53	42	1
18	16	0	28	0	0
19	6	0	22	0	0
20	2	0	8	0	0
21	13	0	23	0	0
22	7	0	17	0	0
23	16	0	12	0	0
24	28	0	25	0	0
25	6	0	9	0	0
26	19	0	27	0	0
27	5	0	22	0	0
28	11	0	28	0	0
29	4	0	4	0	0
30	9	0	3	0	0

31	11	0	15	0	0
-----------	----	---	----	---	---

Belegg i tal på individnivå for V1.2				
V1.2	Li02:eg-st	Li02:ei-st	Li02:e-st	Li02:jei-st
Informant				
1	4	0	1	0
2	2	1	1	0
3	2	0	0	0
4	2	0	0	0
5	9	0	3	0
6	5	0	2	0
7	7	0	1	0
8	7	0	0	0
9	10	0	1	0
10	3	0	0	0
11	8	0	0	0
12	1	0	1	0
13	12	0	0	0
14	3	0	0	0
15	6	0	2	0
16	3	0	1	0
17	0	0	0	3
18	3	0	2	0
19	1	0	1	0
20	1	0	0	0
21	4	0	3	0
22	4	0	1	0
23	11	0	0	0
24	10	0	0	0
25	4	0	2	0
26	2	0	1	0
27	4	0	0	0
28	4	0	2	0
29	1	0	1	0
30	8	0	0	0
31	6	0	1	0

Belegg i tal på individnivå for V2		
V.2	Ikke	ikkje
Informant		
1	8	12
2	36	4
3	8	0
4	0	18
5	26	5
6	19	0
7	0	12
8	0	13
9	37	2
10	0	13
11	33	3
12	10	2
13	24	1
14	13	1
15	0	25
16	0	24
17	36	1
18	6	19
19	13	0
20	1	13
21	0	35
22	0	38
23	0	40
24	0	16
25	0	19
26	0	27
27	0	20
28	0	21
29	0	7
30	0	20
31	0	11

Belegg i tal på individnivå for V3		
V3	e	a
Informant		
1	11	0
2	26	0
3	2	0
4	11	0
5	16	0
6	14	0
7	0	10
8	1	15
9	26	0
10	1	0
11	17	0
12	7	0
13	39	0
14	12	0
15	0	16
16	0	7
17	29	0
18	12	0
19	23	0
20	0	4
21	0	8
22	5	9
23	1	20
24	0	15
25	0	5
26	0	9
27	0	6
28	0	2
29	0	5
30	0	11
31	0	14

Belegg i tal på individnivå for V4

V4	e	ai	Ei
Informant			
1	13	0	0
2	26	0	0
3	5	0	0
4	9	7	1
5	10	7	1
6	15	0	0
7	1	10	0
8	0	8	2
9	46	0	0
10	3	0	0
11	24	0	0
12	9	0	0
13	33	0	0
14	8	0	0
15	2	17	2
16	1	5	1
17	39	0	0
18	14	1	0
19	12	0	0
20	3	5	2
21	1	19	1
22	0	10	0
23	0	8	7
24	0	10	7
25	1	1	3
26	0	5	7
27	2	5	3
28	2	4	4
29	1	3	0
30	1	7	2
31	2	6	2

Belegg i tal på individnivå for V5			
V5	e	er	a
Informant			
1	7	0	0
2	11	0	0
3	0	0	0
4	10	0	3
5	14	1	0
6	6	0	0
7	5	0	0
8	9	0	0
9	4	0	1
10	0	0	0
11	6	0	1
12	7	0	0
13	9	0	0
14	1	0	0
15	4	0	0
16	4	0	0
17	11	6	1
18	5	0	0
19	11	0	0
20	1	0	0
21	4	0	0
22	5	0	0
23	9	0	0
24	9	0	2
25	6	0	0
26	9	0	0
27	4	0	1
28	7	0	0
29	2	0	0
30	7	0	1
31	0	0	0

Belegg i tal på individnivå for V6			
V6	a	o	En
Informant			
1	2	0	0
2	6	0	0
3	2	0	0
4	3	0	0
5	9	0	0
6	3	0	0
7	0	3	0
8	0	3	0
9	12	0	0
10	2	0	0
11	2	0	0
12	0	0	0
13	13	0	0
14	4	0	0
15	0	14	0
16	0	8	2
17	3	0	2
18	10	0	1
19	2	0	0
20	2	0	0
21	1	6	0
22	1	2	0
23	0	6	0
24	0	7	0
25	2	7	0
26	0	7	0
27	0	15	0
28	0	5	0
29	2	6	0
30	0	10	0
31	2	3	0

Belegg i tal på individnivå for V7			
V7	sj	kj	Tsj
Informant			
1	2	1	0
2	3	2	0
3	2	1	0
4	8	1	0
5	1	15	0
6	1	0	1
7	0	8	0
8	0	7	0
9	5	5	1
10	2	0	0
11	3	0	0
12	3	0	0
13	14	0	0
14	4	0	0
15	5	8	0
16	3	3	0
17	17	4	0
18	8	1	0
19	6	2	0
20	0	0	0
21	4	6	0
22	4	2	0
23	10	3	0
24	1	5	0
25	9	1	0
26	10	0	0
27	10	2	0
28	5	3	0
29	0	1	0
30	7	0	0
31	0	0	0

VEDLEGG 5

Tabellane nedanfor viser belegg for kvar variabel fordelt på kjønn. I tillegg er dei delte inn etter skule og heimstad, dette for å gjøre oversynet litt meir oversiktleg.

Jenter:

Skule og heimstad	V1.1. eg.st	V1.1. e.st	V1.1. .ei.st	V1.1. jei.st	V1.2. e.sv	V1.2. eg.sv	V1.2. ei.sv	V1.2. jei.sv	V2. ikke	V3. e	V4. e	V4. ai	V4. Ei	V5. e	V5. er	V5. a	V6. a	V6. o	V6. en	V7. sj	V7. kj	V7. TSJ		
OB	% treff	75	25	0	0	68	32	0	0	0	0	15	38	47	95	0	5	6	95	0	84	16	0	
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	
OU	% treff	97	3	0	0	54	47	0	0	0	0	3	2	71	27	96	0	5	0	100	0	24	77	0
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	
TB	% treff	70	24	6	0	62	35	3	1	0	76	100	100	0	0	97	0	4	100	0	0	82	18	0
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	3	3	3	4	4	
TU	% treff	98	2	0	0	55	46	0	0	0	49	100	88	10	2	79	0	22	100	0	0	75	22	2
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	2	2	2	4	4	4	4	4	
Sum	% treff	85	14	2	0	59	40	1	0	0	31	51	51	30	19	93	0	7	48	52	0	66	33	1
	Individ	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	14	14	14	15	15	15	16	16	

Gutar:

Skule og heimstad	V1.1. eg.st	V1.1. e.st	V1.1. .ei.st	V1.1. jei.st	V1.2. e.sv	V1.2. eg.sv	V1.2. ei.sv	V1.2. jei.sv	V2. ikke	V3. e	V4. e	V4. ai	V4. Ei	V5. e	V5. er	V5. a	V6. a	V6. o	V6. en	V7. sj	V7. kj	V7. TSJ		
OB	% treff	86	14	0	0	58	42	0	0	0	0	20	60	20				40	60	0				
	Individ	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	
OU	% treff	73	27	0	0	57	43	0	0	0	0	6	11	81	8	98	0	2	12	85	3	49	51	0
	Individ	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6	
TB	% treff	52	24	0	25	55	32	2	11	0	76	100	87	12	1,5	89	10	2	88	0	12	57	31	13
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	
TU	% treff	88	13	0	0	68	32	1	0	0	74	75	83	13	5	100	0	0	100	0	0	92	8	0
	Individ	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	3	3	3	
Sum	% treff	72	21	0	7	59	37	1	3	0	40	49	51	43	6	96	3	1	58	38	5	61	35	4
	Individ	15	15	15	15	15	15	15	15	15	15	15	15	15	15	14	14	14	15	15	15	13	13	

Samandrag

Tittel: *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal*

Student: Randi Haugen Ødegård

Rettleiar: Professor Gunnstein Akselberg

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Mai 2013

Denne sosiolingvistiske granskinga er ein del av prosjektet *Språkutvikling på industristader* ved universitetet i Bergen. Granskinga er ein trendstudie med barne- og ungdomsinformantar frå dei to industristadane Odda og Tyssedal i Hardanger i Hordaland. Datamaterialet består av i alt 31 informantar fordelt på elevar frå barneskulen i Tyssedal og barneskulen og ungdomsskulen i Odda. Målet å kartlegge synkron variasjon i dei to talemåla, samstundes som eg vil finne svar på om skulen fungerer som ein språkleg sosialiseringarena når elevar frå Odda og Tyssedal kjem saman på ungdomsskulen i Odda. I tillegg studerer eg diakrone endringar dei siste førti åra, ved å samanlikne resultata mine med Bjørn Harald Sandve si gransking *Om talemålet i industristadane Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra* frå 1976.

Dei viktigaste endringane som har skjedd i talemåla dei siste førti åra, viser seg i først og fremst i tyssedalsmålet, og først og fremst i det personlege pronomenet i første person eintal og i nektingsadverbet. Tendensen er at det er tyssedalsmålet som i størst grad nærmar seg oddamålet i utvalde språklege variablar, medan andre variablar har halde seg relativt stabile sidan 1976. Det er ein tendens at ungdomsskulelevane frå Tyssedal nærmar seg oddamålet noko meir enn barneskulelevane gjer, og noko av forklaringa kan ligge i språklege tilpassingsteoriar og skulen sin sosialiserande funksjon.

Abstract

Title: *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal*

Student: Randi Haugen Ødegård

Supervisor: Gunnstein Akselberg

Department of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies

University of Bergen

May 2013

This sociolinguistic research is a part of the project *Språkutvikling på industristader* at the University of Bergen. The research is a trend study using children and teenagers from the two industry places Odda and Tyssedal in Hardanger, Hordaland as informants. The data is collected from a total of 31 pupils from the primary school in Tyssedal and the primary and secondary schools in Odda. The goal is to map synchronic variation in the two dialects, and at the same time find out if the school has the function of a linguistic area of socialising when pupils from Odda and Tyssedal come together at the secondary school in Odda. In addition I am studying diachronic changes over the past forty years by comparing my results to the research *Om talemålet i industristadane Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra* (1976) by Bjørn Harald Sandve.

The most important changes in the dialects in the past forty years are most noticeable in the Tyssedal dialect, and the most obvious changes are in the personal pronoun in first person singular and the negative particle. The tendency is that the Tyssedal dialect is getting closer to the Odda dialect in selected chosen linguistic variables, whereas other variables have been relatively stable since 1976. It is seen that the secondary school pupils from Tyssedal is getting closer to the Odda dialect to a larger extent than the primary school pupils, this could partly be explained by linguistic adjustment theories and the socialising function of the school.